


Kartlegging og verdisetting av

# Naturtypar i Sund



Sund kommune og  
Fylkesmannen i Hordaland  
2009



Kartlegging og verdisetting av

# Naturtypar i Sund

Sund kommune og  
Fylkesmannen i Hordaland  
2009

MVA-rapport 4/2009

---

**Foto på framsida**, frå toppen (foto Geir Gaarder):

**1)** Kyst- og lyngheilandskap vest for Kausland. **2)** Kystprikklav sør for Dommedalsvatnet. Dette er ein sjeldan, sterkt oseanisk lavart som særleg veks på bergveggar i rik lauvskog. I Sund er arten tidlegare også funnen ved Tælavåg. **3)** Naturbeitemark i Kvalvåg. Dei fleste beitemarkene i Sund er oppgjødsle og ganske artsfattige eller gror att, men denne beitemarka inne i Kvalvågen er vekseplass for fleire sjeldne og raudlista soppantar. **4)** Lavrike tre og berg på Bukken. Denne vesle øya i innseglingsleia til Bergen har ikkje berre er rik og spanande kulturhistorie, men også eit rikt artsmangfald av mosar og lav, inkludert fleire sjeldne og raudlista artar. **5)** Hasselkratt i furuskog ved Sautjørna. Fuktig furuskog med innslag av hassel kan vere vekseplass for fleire sjeldne lav, såkalla regnskogsartar. Her ved Sautjørna er fleire slike skorpelavartar funne. **6)** Intakt kystmyr ved Langa-  
vatnet.



<b>Ansvarlege institusjonar og finansiering</b> Sund kommune og Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavingdelinga		<b>Rapport nr:</b> MVA-rapport 4/2009
<b>Tittel:</b> Kartlegging og verdisetting av naturtypar i Sund		<b>ISBN:</b> 978-82-8060-067-7
<b>Forfattar:</b> Geir Gaarder og Helge Fjeldstad		<b>Tal sider:</b> 68
<b>Kommunalt prosjektansvarleg:</b> Frode Glesnes, einingsleiar/sjefsingeniør		<b>Dato:</b> 06.07.2009
<p><b>Samandrag:</b> Eit utval av naturtypar i Sund kommune er kartlagt og verdisett i samsvar med DN-handbok 13 "Kartlegging av naturtyper. Verdisetting av biologisk mangfold", utgitt av Direktoratet for naturforvaltning i 1999. Denne rapporten presenterer resultatata frå dette arbeidet, som i hovudsak er basert på feltarbeid i 2006.</p> <p>I Sund kommune er det registrert 28 naturtypelokalitetar. Desse er fordelt på seks av dei sju hovudtypane som er presentert i DN-handboka. Skog er hovudnaturtypen med flest registrerte lokalitetar (12), deretter kjem kulturlandskap (8), rasmark, berg og kantkratt (5), ferskvatn/våtmark (2) medan myr og kyst/havstrand berre er registrert med ein lokalitet kvar.</p> <p>I samsvar med DN-handboka er lokalitetane verdisette etter ein tredelt skala: A - svært viktige område (9 lokalitetar), B - viktige område (13 lokalitetar) og C - område med lokal verdi (6 lokalitetar). Oversikt over korleis lokalitetane fordeler seg på dei ulike naturtypane er presentert i tabell, og kvar lokalitetane ligg er vist på kart. Siste del av rapporten inneheld ein beskrivelse av kvar enkelt lokalitet.</p> <p>Det er utarbeidd ei oversikt over kva raudlista karplantar, mosar, lav og sopp som er registrert i kommunen, med ein kort omtale av kvar enkelt art. I alt er det kjent 37 raudlisteartar i Sund, inkludert tre sterkt truga og seks sårbare artar.</p>		
<p><b>Referanse:</b> Gaarder, G. &amp; Fjeldstad, H. 2009. Kartlegging og verdisetting av naturtypar i Sund. – Sund kommune og Fylkesmannen i Hordaland, MVA-rapport 4/2009: 68 s.</p>		
<p><b>Emneord:</b> Biologi, botanikk, flora, naturtypar, raudlisteartar, vegetasjon</p>		
<p>Sund kommune Postboks 23 5371 Skogsvåg</p> <p>Tlf: 56 32 75 00, Faks: 56 32 75 01 <a href="http://www.sund.kommune.no">www.sund.kommune.no</a></p>	<p>Miljøfaglig utredning AS Prestegardsveien 27 6630 Tingvoll</p> <p>Tlf: 97 97 84 20 <a href="mailto:gaarder@mfu.no">gaarder@mfu.no</a></p>	<p>Fylkesmannen i Hordaland Miljøvernavingdelinga Postboks 7310 5020 Bergen</p> <p>Tlf: 55 57 22 00, Faks: 55 57 22 01 <a href="http://www.fylkesmannen.no/hordaland">www.fylkesmannen.no/hordaland</a> <a href="http://www.miljostatus.no/hordaland">www.miljostatus.no/hordaland</a></p>



## 1. FORORD

I Stortingsmelding 58 (1996-97) "Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling" vart det sett som mål at alle kommunane i Noreg skulle ha gjennomført kartlegging og verdisetting av det biologiske mangfaldet i kommunen innan 2003. I samband med dette gav Direktoratet for naturforvaltning i 1999 ut ei handbok med ei oversikt over viktige naturtypar og ei rettleiing for korleis naturtypane skal kartleggast (DN-handbok 13 – 1999, revidert i 2007). Eit utval av naturtypar i Sund kommune er no kartlagt og verdisett i samsvar DN-handboka.

Registreringane i felt vart utført av Geir Gaarder og Helge Fjeldstad frå Miljøfaglig Utredning i 2006. Kontaktperson i kommunen var Frode Glesnes. Tips om mogelege interessante lokalitetar har også kome frå andre fagfolk, spesielt Hans H. Blom ved Institutt for skog og landskap og Tor Tønsberg ved Bergen museum.

Nokre få av lokalitetane var kjent på førehand, men dei fleste vart registrert og undersøkt i 2006. Feltarbeidet vart utført på vel ei arbeidsveke, men fordelt både på vår/forsommar og haust for å fange opp litt ulike organismegrupper og miljø. Det vart også arbeid for å få ei geografisk spreining av feltarbeidet, inkludert ein båttur til fleire av øyane inn mot fastlandet. Særleg rike skogsmiljø og kulturlandskap har vore prioritert, medan myr og strandmiljø i mindre grad har vore sjekka.

Rapporten er skriven av Geir Gaarder og Helge Fjeldstad. Olav Overvoll ved Fylkesmannen i Hordaland si miljøvernavdeling har stått for digitalisering av kart og redigering av rapporten.

Rapporten gir Sund kommune eit underlagsmateriale som vil gjere kommunen betre i stand til å ta nødvendige omsyn til naturverdiar i framtidig arealplanlegging, og slik ta vare på artsmangfaldet i kommunen.

Tingvoll, 15.04.2009

Geir Gaarder og Helge Fjeldstad

## 2. INNHALD

<b>1. FORORD</b> .....	<b>5</b>
<b>2. INNHALD</b> .....	<b>6</b>
<b>3. INNLEIING</b> .....	<b>7</b>
KVA ER BIOLOGISK MANGFALD? .....	7
BAKGRUNNEN FOR KARTLEGGING AV BIOLOGISK MANGFALD .....	7
KVIFOR TA VARE PÅ BIOLOGISK MANGFALD? .....	7
<b>4. FRAMSTILLING OG BRUK AV BIOMANGFALDKART</b> .....	<b>8</b>
KVA SKAL KARTLEGGAST? .....	8
KARTFRAMSTILLING .....	8
BRUKARAR AV KART OVER BIOMANGFALD .....	8
OPPDATERING OG REVISJON .....	8
<b>5. NATURGRUNNLAGET I SUND</b> .....	<b>9</b>
GEOGRAFI OG AREALBRUK .....	9
LANDSKAP OG GEOLOGI .....	10
KLIMA .....	10
VEGETASJON .....	11
<b>6. NATURTYPAR</b> .....	<b>12</b>
GENERELT .....	12
NATURTYPAR I SUND .....	12
Myr (A) .....	12
Rasmark, berg og kantkratt (B) .....	14
Fjell (C) .....	15
Kulturlandskap (D) .....	15
Ferskvatn/våtmark (E) .....	18
Skog (F) .....	18
Havstrand/kyst (G) .....	19
<b>7. RAUDLISTEARTAR</b> .....	<b>20</b>
RAUDLISTA PLANTAR, LAV, MOSAR OG SOPP I SUND .....	21
<b>8. KOR GODT KJENNER VI NATUREN I SUND?</b> .....	<b>23</b>
DAGENS KUNNSKAPSNIVÅ .....	23
OPPFØLGJANDE UNDERSØKINGAR .....	23
<b>9. STRATEGI FOR Å STANSE TAP AV BIOLOGISK MANGFALD INNAN 2010</b> .....	<b>24</b>
<b>10. LITTERATUR</b> .....	<b>25</b>
GENERELL LITTERATUR .....	25
LITTERATUR OM SUND .....	25
SENTRALE DOKUMENT I MILJØVERNPOLITIKKEN .....	25
AKTUELLE NETTSTADER .....	25
<b>KART OG LOKALITETSOMTALAR</b> .....	<b>29</b>



### 3. INNLEIING

#### KVA ER BIOLOGISK MANGFALD?

Biologisk mangfald er variasjonen av livsformer, livsformene sitt arvestoff og det samspelet desse livsformene er ein del av. Ein snakkar altså om variasjon på tre nivå: Økosystem, artar og genar.

Dei ulike artane er avhengige av bestemte økosystem for å kunne eksistere. Eit økosystem kan definerast som ei samling plantar og dyr som lever i eit samspel med kvarandre under gitte fysiske og kjemiske forhold. Naturtypene i denne rapporten er døme på ulike økosystem. Det å sikre eit størst mogleg mangfald av økosystem er den beste måten å sikre artsmangfaldet på, fordi ein på denne måten tek vare på ulike artar sine leveområde. Å ta vare på tilstrekkeleg mange einingar av kvar naturtype er viktig med tanke på genetisk variasjon. Genetisk variasjon er variasjonen i arveeigenskapar innan ein art. Genetisk variasjon sikrar dei ulike organismane si tilpassingsevne til endra miljøforhold og er viktig for artane si evne til å overleve på lang sikt.

#### BAKGRUNNEN FOR KARTLEGGING AV BIOLOGISK MANGFALD

I 1993 underteikna Noreg Riokonvensjonen. Dette er ein internasjonal avtale som forpliktar alle land å kjenne til og ivareta det biologiske mangfaldet innan landet sine grenser. Bakgrunnen for ein slik internasjonal avtale er at areala av ulike naturtypar, som ei følgje av ulike former for menneskeleg aktivitet, blir redusert i raskt tempo. På grunn av reduserte leveområde har bestandane av fleire plante- og dyreartar gått kraftig tilbake, og mange artar er truga av utrydding dersom dei negative faktorane held fram. Ved sidan av introduksjon av framande artar, blir øydelegging av leveområde rekna som det største trugsmålet mot det biologiske mangfaldet globalt i dag.

Sjølv om vi i Noreg har mykje natur, blir også våre naturområde i aukande grad utsette for inngrep av ulike slag. Dette gjeld i særleg grad produktive område under skoggrensa, og det er her ein finn den største variasjonen når det gjeld biologisk mangfald. Utbygging av bustadhus, fritidshus, næringsverksemd og infrastruktur utgjør eit stadig større press på desse areala.

I tråd med avtalar gjennom Riokonvensjonen vart det i Stortingsmelding 58 (1996-97) "Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling" uttrykt ei politisk målsetting om at alle landets kommunar skal ha gjennomført kartlegging og verdiklassifisering av det biologiske mangfaldet på kommu-

nen sitt areal innan år 2003. Som ei oppfølging av dette gav Direktoratet for naturforvaltning i 1999 ut ei handbok i kartlegging av naturtypar og verdisetting av biologisk mangfald (DN-handbok 13-1999), for å sikre at kartleggingsarbeidet i størst mogleg grad blir samanliknbart over kommunegrensene.

Lokalt er det kommunane som må innarbeide omsyn til biologisk mangfald i kommuneplanen. Men kunnskapsgrunnlaget om lokalt biologisk mangfald er ofte svært mangelfullt. For å kunne ta dei naudsynte omsyn til biologisk mangfald lokalt, må lokale naturverdiar kartfestast. Deretter må dei på forsvarleg vis bli integrerte i det lokale planarbeidet. Ved ei god oversikt over dei mest verdfulle naturområda i kommunen, langsiktig planlegging og aktiv bruk av verkemidla i Plan- og bygningslova, kan kommunen redusere konfliktane mellom bruk og vern av areal og styre utviklinga i større grad enn i dag. Karta over viktige naturområde vil vere eit viktig bidrag til å kunne utføre ei meir presis og prediktable arealforvaltning i kommunen.

Data frå kartlegginga vil òg inngå i regional og nasjonal miljøstatistikk og danne grunnlag for handlingsplanar og tiltak på regionalt og nasjonalt nivå.

Ikkje minst er det eit ønske at kartlegginga skal medverke til å auke interesse og kunnskap om naturen blant kommunen sine innbyggjarar. Det er difor ønskjeleg at rapport og kart blir gjort tilgjengeleg for skular, frivillige organisasjonar og andre naturinteresserte.

#### KVIFOR TA VARE PÅ BIOLOGISK MANGFALD?

Noreg har ratifisert (underteikna og gitt si tilslutning til) fleire internasjonale avtalar som er sette i verk for å sikre det biologiske mangfaldet. Internasjonale avtalar forpliktar også på lokalt plan, fordi det er her mykje av den praktiske forvaltninga finn stad. Riokonvensjonen (også kalla Biodiversitetskonvensjonen) frå 1993 er den avtalen som i størst grad har konsekvensar på lokalt plan, fordi den understrekar verdien av lokalt biologisk mangfald. Denne konvensjonen er ei viktig årsak til at den nasjonale forvaltninga ønskjer å satse på ei landsdekkande, kommuneviss kartlegging av biologisk mangfald.

Grunnen til at vern av biologisk mangfald har blitt gjenstand for både internasjonale og nasjonale lovverk og avtalar er mange, men dei fleste er bygde på erkjenninga at vi sjølve er ein del av naturen og er heilt avhengige av naturprodukt for å overleve. Grovt sett kan argumenta delast inn i tre hovudgrupper:

Økonomiske og materielle argument: Mennesket er ein del av naturen, og det å ta vare på flest moglege naturmiljø sikrar vår eigen eksistens og velstand. Mat, medisinar, brensel, byggemateriale osv. er i utgangspunktet naturprodukt. Sjølv om ikkje alle organismar ser ut til å vere like nyttige, representerer dei ein potensiell verdi som kan tenkjast å bli viktig for oss i framtida. Vi har framleis manglande kunnskap om mange sider ved samspelet mellom organismane, noko som gjer det fornuftig å ha ei føre var haldning. Genetisk variasjon er viktig fordi det sikrar dei ulike organismane si tilpassingsevne til endra miljøforhold. Menneska har direkte nytte av genetisk variasjon t.d. når det gjeld planteforedling, husdyravl og motarbeiding av sjukdommar.

Kulturelle argument: Aktivitetar som jakt/fangst og sanking har lange tradisjonar, og sjølv om dei færraste av oss lever like nært naturen i dag, er slike aktivitetar ein viktig trivselsfaktor for mange menneske. Er eit stort biologisk mangfald kan vere ei kjelde til rike naturopplevingar også for dei som nyttar naturen til andre friluftaktivitetar.

Etiske argument: Nokon meiner at alle levande organismar har den same retten til liv, uavhengig av om dei synes til nytte eller skade for mennesket. Mennesket er den einaste arten som med fullt medvit kan utrydde andre artar, dette gir oss eit særskilt ansvar. Vi har òg eit ansvar i forhold til framtidige generasjonar sine behov for naturbruk og naturopplevingar.

## 4. FRAMSTILLING OG BRUK AV BIOMANGFALDKART

### KVA SKAL KARTLEGGAST?

Metoden for kartlegging og verdisetting av biologisk mangfald er nærmare skildra i ulike handbøker utgjevne av Direktoratet for naturforvaltning. I korte trekk går kartlegginga ut på å plukke ut og kartfeste område som er særleg viktig for det biologiske mangfaldet. Det er eit mål å få god oversikt over følgjande område:

- Viktige naturtypar (DN-handbok 13-1999, revidert i 2007)
- Viktige område for viltet (DN-handbok 11-1996, revidert internettutgåve 2001)
- Viktige ferskvasslokalitetar (DN-handbok 15-2001, berre internettutgåve)
- Viktige marine område (DN-handbok 19-2001)
- Førekost av raudlisteartar (Artsdatabanken, Kålås mfl. 2006)

Denne rapporten omhandlar naturtypar og raudlista planteartar. Sund kommune har tidlegare gjennomført ei kartlegging av viktige viltområde (Bjørkevoll m.fl. 2006).

### KARTFRAMSTILLING

Alle temakart blir digitaliserte med grunnlag i manuskart utarbeidd gjennom kartlegginga. Digitaliseringa gjer at datasetta lett kan tilpassast digitale kartsystem, og kommunen kan etter ønskje og behov, relativt enkelt utarbeide egne kart for dei ulike tema.

Til bruk i arealplanlegginga er det ønskjeleg at kommunen får utarbeidd samlekart over område med høg verdi for biologisk mangfald. Dette går i korte trekk ut på å synleggjere område med stor biologisk verdi ved å slå saman alle opplysningar om biologisk mangfald i kommunen (naturtypar, viltområde, ferskvatn, marine område og raudlisteartar). Direktoratet for naturforvalt-

ning har gitt ut ein rettleiar for framstilling av slike kart (DN 2000).

### BRUKARAR AV KART OVER BIOMANGFALD

Karta over biologisk mangfald er først og fremst meint å vere ein reiskap til bruk i arealplanlegginga. Kommunen er difor viktigaste brukar, men også anna offentleg og privat forvaltning vil kunne bruke desse datasetta i ulike samanhengar. Det er eit ønskje at den enkelte grunneigar skal ta omsyn til biologisk mangfald på sin grunn. Aktuelle grunneigarar skal difor informerast og få tilgang til relevante opplysningar. Skular bør få tilgang til rapport og kart til bruk i lokalundervisninga. Relevante lag, organisasjonar eller enkeltpersonar vil, gjennom kjennskap til kart og rapport kunne kome med konstruktive innspel til endringar og nye lokalitetar.

### OPPDATERING OG REVISJON

Denne kartlegginga av naturtypar er ikkje fullstendig, og ei kartlegging av det biologiske mangfaldet kan heller aldri bli endeleg. Naturen er i stadig endring, både naturleg, ved klimaendringar og suksesjon, og ved menneskeleg påverknad ved endra arealbruk og tekniske inngrep. Dessutan aukar kunnskapsgrunnlaget om biologisk mangfald stadig. For å fange opp endringar og tilføre ny kunnskap, er det viktig at karta blir oppdaterte med jamne mellomrom. Ein hovudrevisjon kvart fjerde år, i samband med revisjon av kommuneplanen, kan vere ei fornuftig framdrift i forhold til oppdatering. Det vil likevel vere ønskjeleg at endringar og nye opplysningar blir oppdaterte fortløpande.


## 5. NATURGRUNNLAGET I SUND

### GEOGRAFI OG AREALBRUK

Sund kommune ligg ytst ved kysten i midtre del av Hordaland fylke. Det er ein rein øykommune som omfattar den sørlege delen av Sotra og ei rad mindre øyer, holmar og skjer. I tillegg til Sotra har øyane Tyssøy, Lerøy, Bjelkarøy og Toftarøy fast busetnad. Korsfjorden skil kommunen frå Austevoll i sør, og i aust er Raunefjorden skilje mot Bergen. Grensa mot Fjell kommune i nord er "kronglete" og ber nok preg av at sjøen tidlegare var den viktigaste ferdselsåra.

Kommunen har eit landareal på 99,3 km<sup>2</sup>. Høgaste punkt er Førdesveten på 284 m o.h., nok-

re kilometer sørvest for Klokkarvik. Det er i alt omlag 5 km<sup>2</sup> ferskvatn, 2 km<sup>2</sup> myr og 11 km<sup>2</sup> skog i kommunen. Ferskvatna og myrane er alle ganske små, og større vassdrag manglar. Det meste av skogen finn ein i søraust, mellom Klokkarvik og Dommedalsvatnet. Kommunen har rundt 5.800 innbyggjarar. Busetnaden er spreidd langs sjøen, med mindre sentra m.a. i Klokkarvik, Tælavåg, Hammersland og Skogsvåg. Dei indre delane av sørlege Sotra, samt større lyngheiområde mot havet i nordvest og dels vest/sørvest, er utan busetnad og stort sett også utan større tekniske inngrep. Også eit par halvstore øyar i søraust er utan fast busetnad.



**Figur 5.1.** Større område utan nyare tyngre tekniske inngrep som vegar og kraftlinjer i Sund kommune. Grønfargen viser areal som ligg over 1 km frå slik inngrep. Frå DN sin INON-base ([http://dnweb12.dirnat.no/inon/NB3\\_viewer.asp](http://dnweb12.dirnat.no/inon/NB3_viewer.asp)).

## LANDSKAP OG GEOLOGI

Landskapet i Sund er på mange måtar typisk for ytre delar av Hordaland. Terrenget er for det meste småkupert og prega av eit utal knausar, søkk, småmyrar, småvatn, holmar, skjer, små fjordarmar og sund. Utanfor det faste vegnettet kan det vere tungt å ta seg fram for den som ikkje er godt kjent i terrenget.

Rundt Førdesveten i søraust er det fleire toppar som ligg over 200 m o.h., medan alt areal i vestre delar av kommunen ligg under 100 m o.h. Det er gjennomgåande lite lausmassar i kommunen, og areala med dyrka mark og minerotrofe myrar er difor gjennomgåande små og ligg flekkvis i søkk mot sjøen og i dalgangar inne på øyane.

Sund har for det meste gamle bergartar frå proterzoisk tid, som vart deformert og omdanna under danninga av den kaledonske fjellkjeda (Ragnhildstveit & Helliksen 1997), sjå figur 5.2. For det meste er det snakk om ulike typar gneis, men det finst også gabbro og amfibolitt fleire stader. Dette gjeld heile Sotra, men i Raunefjorden og Lerøyosen går det eit større berggrunnskilje. På innsida her kjem det inn eit skyvedekke frå den kaledonske fjellkjeda. I sør, på Lerøy, Bjelkarøy og dei mindre øyane i dette området, er det snakk om det såkalla Lindåsdekket, også dette er gamle proterzoiske gneisbergartar. På

Tyssøy i nord er det derimot yngre bergartar. Her finst det glimmerskifer og grønskifer frå Hardangerfjordkomplekset, som er frå ordovicisk til silurisk tid. Medan gneis oftast gir grunnlag for artsfattig og nøysam vegetasjon, er gabbro og amfibolitt noko meir næringsrike. Glimmerskifer og grønskifer fører ofte til god førekost av næringskrevjande og frodig vegetasjon.

## KLIMA

Sund ligg i boreonemoral vegetasjonssone (Moen 1998), noko som betyr at varmekjære artar er relativt vanlege og kan stadvis vere dominerande. Sund ligg også så langt sør og ut mot havet at heile kommunen høyrer til sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, vintermild underseksjon. Sjølv midt på vinteren ligg gjennomsnittstemperaturen over 2 °C. Typiske artar for denne sona er m.a. purpurlyng, hinnebregne og kristtorn, og alle desse finst også i Sund.

Vestlandet er kjent for å ha til dels store nedbørmengder, men i Sund er nedbøren meir moderat. Årsnedbøren er berre vel 1000 mm. Sund og dei andre ytre delane av fylket ligg utanfor den mest nedbørrike sona som går nokre km lenger inne, der høge fjell pressar luftmassane opp slik at skyene gir frå seg nedbør.



Figur 5.2. Utsnitt av geologisk kart over sørlege delen av Sotra, samt ytre delar av fastlandet sør for Bergen. Kjelde: Noregs geologiske undersøkingar 2009 ([www.ngu.no](http://www.ngu.no)).

## VEGETASJON

Vegetasjonen i Sund er prega av mykje hard og fattig berggrunn, at kommunen ligg ut mot havet og ikkje minst langvarig kulturutnytting. Store delar av kommunen har vore skoglaus tidlegare. Ytre delar har vore ei stor, samanhengande kystlynghei, berre avbroten av spreidd busetnad og innmark. Også indre delar har hatt mykje open kystlynghei, men her kan det sjå ut til at det nokre stader også har stått litt skog det meste av tida. Det vesle som var att av skog var nok samtidig hardt utnytta. Urskog, dvs. skog som ikkje er påverka av menneske, forsvann frå kommunen for lang tid tilbake (urskog finst heller ikkje andre stader i Hordaland), og sjølv gammalskog med gamle tre og innslag av dødt trevirke har det nok vore dårleg med. Det har heller ikkje vore særleg sterke tradisjonar med lauving i området (i det minste ser ein ikkje spor etter dette lenger), så heller ikkje i kulturlandskapet finn ein verkeleg gamle tre.

Hard og fattig berggrunn har ført til at mykje av landskapet er dominert av vanlege, nøysame artar. Røsslyngen, ein karakterart for lyngheiene, er eit godt døme på dette, og arten er kanskje den aller vanlegaste planten i kommunen. Saman med ein del andre lite næringskrevjande lyngplantar, gras og halvgras pregar den både lyngheiar, myr og skogsmiljø dei fleste stader.

Sjølv om det meste av berggrunnen er hard og kalkfattig, finst det også innslag av meir næringskrevjande artar som vitnar om betre jordsmonn. Det er fleire grunnar til dette. Oppgjødsling av innmark, og stadvis også utmark, for å få opp jorda si produksjonsevne, er ei årsak. Det er gjerne ulike grasartar som då blir heilt dominerande, og godt gjødsla innmark er sjeldan særleg artsrik. Utslepp av kloakk og avrenning frå landbruket fører også til oppgjødsling, særleg av vassdrag, men sidan det meste av busetnaden og fulldyrka mark i Sund ligg nær sjøen, har dette berre vore merkbar lokalt i nokre av dei små vatna og vassdraga i kommunen. Berggrunnen er heller ikkje like fattig over alt. I nord-aust, på Tyssøy, kjem det inn både glimmerskifer og grønskifer, noko som gir ganske merkbar utslag på floraen. Her veks m.a. varmekjære edellaauvskogsartar som ramslauk og kusymre. Det same gjeld i bratte, sørvestvendte berghamarar på Steinsland og ved Førdespollen, der det også må vere innslag av litt meir næringsrik berggrunn. Begge stader veks det ein del lind og eik, og saman med desse m.a. vårmarihand, ramslauk og fleire kravfulle lavartar. Lokalt ser ein teikn til rikare berggrunn også i bergveggar med overheng, der det blir danna lysegrå striper som følgje av små kalkutfellingar. Nokre kravfulle kystplantar, som blankburkne og havburkne, veks i første rekkje på slike stader.



**Figur 5.3.** Kyst- og lyngheilandskap vest for Kausland (lok. 21). Sund kommune er på fleire måtar ei typisk kystkommune for Hordaland. Det er små høgdeskilnader, men terrenget er likevel ganske kupert. Lausmassar er det lite av og ut mot havet er det ofte mykje berg i dagen. Nøysame lyngheiar har vore eit typisk trekk for dette landskapet, men mykje av lyngheiane gror no att med skog fordi dei ikkje lenger er i drift.

## 6. NATURTYPAR

### GENERELT

Direktoratet for naturforvaltning har plukka ut 56 naturtypar som blir rekna som spesielt viktige for biologisk mangfald og som difor skal kartleggast (DN-handbok 13, 1999). 50 av naturtypane finst også i Hordaland. Naturtypane som er valt ut har element av både vegetasjon, zoologi, geologi, kulturpåverknad og landskap, og er eit slags felles multiplum for å fange opp alle viktige variasjonar på økosystemnivå. Kriterium som er brukt ved utveljinga av kva naturtypar som skal kartleggast er:

Førekost av raudlisteartar, dvs. artar som på ein eller anna måte er truga, ofte ved at veksestaden eller leveområdet blir øydelagt.

Kontinuitetsområde, dvs. område som har hatt stabile økologiske forhold over lang tid, t.d. gammel skog og kulturlandskap med gamle, ugjødsle beite- og slåttemarkar.

Særlig artsrike område, område som har eit stort artsmangfald på eit avgrensa areal. Omgrepet "artsrik" er relativt og må sjåast i samband med det potensialet som finst i regionen. Rikmyr og kalkrike miljø i fjellet er døme på naturtypar som ofte er artsrike.

Sjeldne naturtypar. Dette gjeld naturtypar som er sjeldne på landsbasis. På kommunenivå er det likevel òg viktig å få registrert naturtypar som er sjeldne lokalt, sjølv om dei kan vere vanlege andre stader. I andre tilfelle kan ein naturtype som er relativt sjeldan på landsbasis vere nokså utbreidd og vanleg lokalt. I slike tilfelle bør ein skilje ut dei viktigaste områda.

Viktig biologisk funksjon. Dette gjeld ofte område som isolert sett kan virke nokså ordinære, men på grunn av plassering i landskapet har ein nøkkelfunksjon for ein eller fleire artar. Døme på dette er bekkar og kantskog gjennom større, einsarta åkerlandskap som fungerer som refugium og spreingskorridorar.

Spesielle artar og samfunn. Ein del naturtypar er sterkt prega av spesielle økologiske forhold. Ikkje nødvendigvis artsrike lokalitetar, men området kan innehalde artar som er sterkt spesialiserte. Døme på slike naturtypar er fossesprøytsone, brannfelt og kjelder.

Høg biologisk produksjon. Naturtypar med høg biologisk produksjon som følgje av høg tilførsel og omsetjing av organisk materiale. Sjølv om slike område ikkje treng vere spesielt artsrike, har dei ofte høg tettleik av individ. Flaummarkskogar og sumpskog langs vassdrag, som kan ha svært høge tettleikar av sporvefugl, er eit typisk døme på dette.

Sterk tilbakegang. Endra teknologi og arealbruk har ført til at enkelte naturtypar har blitt sjeldnare. Døme: Beite- og slåttemarkar, skogsbeite, elvedelta og gammalskog/urskog.

Alle lokalitetar med ein bestemt naturtype er ikkje alltid like viktige. Verdisettinga kan variere frå lokalitet til lokalitet, sjølv om vi har med den same naturtypen å gjere. Her bruker ein eit sett kriterium som støtte under verdivurderinga.

#### Kriterium for verdsetting:

- Storleik
- Grad av tekniske inngrep
- Førekost av raudlisteartar
- Kontinuitetspreg
- Sjeldne utformingar

#### Skala for verdsetting:

- A: Svært viktig
- B: Viktig
- C: Lokal verdi

### NATURTYPAR I SUND

I Sund kommune er det registrert 12 naturtypar av dei 56 som er skildra i DN-handbok 13. Naturtypane er fordelte på seks av dei sju hovudtypane. Totalt 28 lokalitetar er kartlagt. Korleis desse fordeler seg på dei ulike naturtypane går fram av Tabell 1. Den geografiske fordelinga er vist på Kart 2. Kvar enkelt lokalitet er til slutt gitt ein eigen omtale (sjå vedlegget).

I det følgjande blir det gitt ein kort omtale av dei ulike naturtypane og førekosten av desse i Sund. For ei generell og meir detaljert skildring av hovudnaturtypane viser ein til Fremstad (1997) og DN (2007).

#### Myr (A)

Myr er eit økosystem med høg grunnvasstand som blir danna der klimaet er relativt kjølig og nedbøren høgare enn fordampinga. I store delar av Hordaland er dei klimatiske føresetnadene for å få danna myr gode. Der jorda er metta med vatn blir det mangel på oksygen, og nedbrytinga av dødt organisk materiale stoppar heilt eller delvis opp. Difor skjer det ei opphoping av planterestar, og det blir danna ei organisk jord eller torv.

Tabell 1. Kartlagte naturtypelokaliteter i Sund.

Lok.nr.	Hovudnaturtype, lokalitetsnamn	Naturtype	Areal (daa)	Verdi
<b>Myr og kjelde</b>				
12	Langamyra sør for Langvatnet	Kystmyr (A08)	30,4	C
<b>Rasmark, berg og kantkratt</b>				
2	Golta: Goltaberget	Sørvendt berg og rasmark (B01)	0,3	B
3	Golta: Nautavika	Nordvendte kystberg og blokkmark (B04)	0,3	B
5	Engelsbogen	Sørvendt berg og rasmark (B01)	32,5	B
16	Marieholmen	Nordvendte kystberg og blokkmark (B04)	8,4	B
<b>Kulturlandskap</b>				
14	Bjelkarøy: Naustneset	Hagemark (D05)	12,4	C
15	Bukken	Parklandskap (D13)	9,5	A
18	Steinsland aust	Hagemark (D05)	30,6	C
19	Kausland aust	Naturbeitemark (D04)	22,7	B
20	Kvalvågen	Naturbeitemark (D04)	16,1	A
21	Kausland vest	Kystlynghei (D07)	5171,7	A
23	Tælavåg nord	Kystlynghei (D07)	1189,8	B
27	Førdespollen aust	Hagemark (D05)	28,1	A
<b>Ferskvatn og våtmark</b>				
25	Skrubbisvatnet	Rik kulturlandskapssjø (E08)	14,0	B
26	Midttveitvatnet	Rik kulturlandskapssjø (E08)	12,6	B
<b>Skog</b>				
1	Langvatnet SA	Kystfuruskog (F12)	30,5	A
4	Litletjørna nord	Rik edellauvsog (F01)	4,2	C
6	Steinsland 1	Rik edellauvsog (F01)	45,3	A
7	Steinsland 2	Rik edellauvsog (F01)	2,6	B
8	Steinsland 3	Rik edellauvsog (F01)	6,0	A
9	Sauetjørna aust	Rik edellauvsog (F01)	1,9	A
10	Sautjørna sør	Kystfuruskog (F12)	66,5	A
11	Børnesskogen nord for Klokkarvik	Kystfuruskog (F12)	693,4	B
13	Dommedalsvatnet sør	Rik edellauvsog (F01)	4,4	C
17	Skarpaneset	Rik edellauvsog (F01)	9,4	B
24	Tyssøy	Rik edellauvsog (F01)	13,4	B
28	Førdespollen NA	Gammal fattig edellauvsog (F02)	9,9	B
<b>Kyst og havstrand</b>				
22	Leirvågen på Toftøy	Strandeng og strandsump (G05)	10,8	C

Etter at naturtypekartlegginga vart slutført i 2007, vart det gjennomført ei konsekvensutgreiing for ny riksveg 555 (Aarland m.fl. 2008). Det vart då funne ytterlegare fire naturtypelokaliteter i kommunen, ei naturbeitemark ved Vorland (viktig - B), ei kystlynghei på Vorlandstuva (svært viktig - A), ei naturbeitemark på Tveit (lokalt viktig - C) og ein rik edellauvsog på Tveit (lokalt viktig - C).

Det finst fleire måtar å klassifisere myr på, m.a. etter korleis dei har blitt danna, hydrologi, utforming og vegetasjonstypar (Fremstad 1997, Moen 1998, DN 2007).

Myrane har både direkte og indirekte verknad på biologisk mangfald. Mange artar er direkte knytt til myr som veksestad eller leveområde, og myrane har dessutan ein viktig funksjon som vassmagasin og naturlege reinseanlegg.

I Sund viser arealstatistikk at det berre skal vere ca. 2 km<sup>2</sup> med myr, men i det småkuperte, kystnære miljøet er det ikkje lett å rekne ut akkurat kor mykje myr som finst. I stor grad opptre myra som småflekker i mosaikk med hei og skog, og store, samanhengande myrareal som er meir typisk for innlandet, er det mindre av. Mange av myrane er reine nedbørsmyrer, dvs. myr som

nesten berre mottar næring frå nedbøren. Dette er svært fattige myrer dominert av torvmosar og lyng. Det er også ein del jordvassmyrer, dvs myrer der det meste av næringa kjem frå vatn som har vore i kontakt med berggrunnen. Dei fleste av desse er i Sund fattige fastmattemyrer, med eit fåtal nøysame storr og urter, i tillegg til torvmosar. Også litt rikare intermediære myrer finst, særleg i litt hellande terreng med godt vassig eller i nærleiken litt rikare vatn og tjørn. Derimot fører den stort sett fattige berggrunnen til at det så langt ikkje er kjent rikmyr i kommunen, sjølv om ein ikkje skal utelukke at det finst små flekkar hist og her. Sjølv om det aller meste av myrane er fastmattemyrer, finst det også innslag av mjukmatte- og lausbotnmyrer (myrer som er så blaute at dei er utrygge å gå på). Artsmangfaldet på desse kan vere ganske for-



**Figur 6.1.** I Sund finst myr mest som små myrdrag i mosaikk med fastmark, og denne hovudnaturtypen dekkjer, samla sett, små areal. Rett sør for Langvatnet ligg det likevel ei litt større myr (lok. 12 - bildet). Den er ikkje særleg rik, men er interessant m.a. fordi det er ein del blautmyr her, som kan vere levestad for kravfulle artar.

skjellig frå fastmattemyrane, og sjølv om dei ikkje er spesielt rike, kan dei vere levestad for fleire mindre vanlege artar. Den einaste registrerte myra i denne naturtypekartlegginga er ei slik myr. I tillegg førekjem det ein del myr innafør andre registrerte naturtypelokalitetar, særleg i lokalitetane med kystlynghei.

#### *Kystmyr (A08)*

Dette er ein samlesekk for verdifulle, intakte myrer langs kysten. Ein har vurdert det som viktig å få kartlagt slike område fordi mykje myr har forsvunne i kyststrøka i nyare tid, særleg i sørlege delar av landet. Myrar i boreonemoral vegetasjonssone og i område med tett busetnad er prioriterte.

I Sund er det kartfesta ein myrlokalitet. Dette er ei smal myrstripe nær Langvatnet nordvest for Klokkarvik. Men mindre parti med myr finst også innanfor fleire av dei andre naturtypelokalitetane i kommunen, i første rekkje i kystlyngheiane. Det er lite som tyder på at Sund har myrar av særleg stor regional eller nasjonal verdi, men lokalt utgjør dei ein viktig del av variasjonen i naturmiljøet og det biologisk mangfaldet.

#### **Rasmark, berg og kantkratt (B)**

Naturtypen omfattar vegetasjon på grunnlendt eller ustabil, tørr mark og finst i overgangen mellom skog og opne habitat, på bergknausar, tørre, steinete bakkar og skrentar. Naturtypen dekkjer generelt nokså små areal, men kan likevel vere veksestad for interessante og sjeldne artar som er bundne til tørre, opne stader. Fleire forhold gjer at rasmarker ofte er nøkkelhabitat for plantar: Sør- og austvendte rasmarker har ofte eit varmare lokalklima enn områda rundt, ekstrem topografi gjer ofte lokalitetane lysopne og rørsler i lausmassane og skredaktivitet opnar for konstant gode forhold for pionérsamfunn.

Terrenget i Sund er for flatt til at det finst rasmark av særleg omfang, men stadvis ligg det litt steinblokker og grov ur under berghamrar. Dette er difor ikkje særleg interessant miljø for naturtypekartlegginga, men ein bør likevel vere varsam med å øydeleggje slike førekomstar, sidan nyare forskning har vist at dei kan ha stor verdi for enkelte viltartar (særleg flaggermus).

Det er registrert eit par sørvendte berghamrar av interesse. Det er då snakk om berg som ligg ut





**Figur 6.2.** Nordvendte og fuktig kløft på Golta (lok. 3). Sjølvså små kløfter som dette kan vere verdt å registrere, fordi dei ofte er vekseplass for kravfulle, fuktkrevjande mosar, lav og bregnar. I denne kløfta vart det funne kystblåfyllav (raudlista som sårbar - VU).

mot sjøen og som er veksestad for plantar som i liten grad tåler frost, slik som havburkne. Det finst nok fleire slike berg i kommunen, og dersom det er litt kalkutfelling i berget (noko ein ofte ser i form av kvite striper på stein under overheng), kan det dukke opp sjeldne og raudlista karplantar og mosar på slike stader.

Det er også kartlagt eit par meir fuktige, nordvendte bergskorter, der det veks fuktkrevjande lav, mosar og bregner, med hinnebregne som ein karakterart. Generelt kan det vere eit ganske rikt mangfald av kystbundne lav og mosar, ofte med innslag av raudlisteartar, i kløfter og lier med små og store berghamrar, som enten får lite solinnstråling fordi dei ligg i bratte, nordvendte lier eller er skjerma av skog i framkant. Fleire lokalitetar i Sund som er registrert som t.d. rik edellauvskog har innslag av slike miljø med førekomst av fleire høgt raudlista og sjeldne lavartar.

Det så langt ikkje funne rike kantkratt av særleg interesse i Sund. Den fattige berggrunnen er nok ei viktig årsak til dette. Ein kan likevel ikkje heilt utelukke at det finst interessante kantkratt enkelte stader.

#### *Sørvendt berg og rasmark (B01)*

Dette omfattar meir eller mindre sørvendte berg, bergveggar og rasmark under skoggrensa. Slike

miljø, særleg når det er innslag av kalk i grunnen, har ofte eit rikt og særprega artsmangfald. Varmekjære og tørketolerante artar trivst spesielt godt på slike stader.

I Sund er to små lokalitetar av typen registrert. I begge tilfelle er det snakk om bergskrentar som ligg ut mot sjøen i sørvest. Her veks det enkelte sjeldne, varmekjære og spesielt frostømfintlige planteartar. Raudlistearten havburkne er ein karakterart for dette miljøet. Ganske sikkert finst det fleire slike små berghamrar av verdi i kommunen, særleg i vestre delar, men dei ligg vanskeleg til og er ikkje heilt enkelt få oversikt over.

#### *Nordvendt kystberg og blokkmark (B04)*

Medan dei sørvendte berga er karakterisert av varmekjære og tørketolande artar, er det omvendt med dei nordvendte berga. Om topografi og klima elles er gunstig, er det i staden spesielt fuktkrevjande artar, særleg blant lav og mosar, som gjer slike miljø spesielle og verdfulle for det biologiske mangfaldet. Nokre av artane vi finn på slike plassar kan vere sjeldne også internasjonalt.

Berre to små lokalitetar av denne typen er registrert i Sund. Begge stader veks det kravfulle, fuktkrevjande lavartar, og den eine – på Golta – er også vekseplass for den oseaniske karakterarten hinnebregne. Det finst opplagt fleire slike miljø av verdi spreidd rundt i kommunen, og rundt Førdesveten bør det vere mogeleg å finne moserike berg. For å få dei verkeleg godt utvikla og nasjonalt viktige førekomstane av nordvendte kystberg, trengs det likevel anten større høgdeskilnader eller meir kalkrik berggrunn enn det ein finn i Sund.

#### **Fjell (C)**

Naturtypen fjell er definert som område over den klimatiske skoggrensa. Sund ligg så lågt over havet at denne hovudnaturtypen difor manglar i kommunen.

#### **Kulturlandskap (D)**

Svært mykje av naturen rundt oss er påverka av menneske og kan slik sett kallast kulturlandskap. Men i denne samanhengen brukar ein omgrepet på naturtypar der menneska har hatt, og har ei avgjerande rolle for utforminga av vegetasjonen og utvalet av artar (DN 2007). Dette gjeld først og fremst område i tilknytning til jordbrukslandskapet.

Gjennom ulike driftsformer og lang kontinuitet, har det blitt danna mange ulike leveområde for plantar og dyr i kulturlandskapet. For mange av sopp- og planteartane er det truleg dei gode lystilhøva som er spesielt viktige. Mange av



**Figur 6.3.** Kulturlandskap på Kausland (lok. 19). I lune søkk er det ofte frodig vegetasjon og ein mosaikk mellom småskog, opne enger og spreidd busetnad. Framleis finn ein slike idyllar også i Sund, men dei fleste slike landskap har meir eller mindre forsvunne i nyare tid, anten som følgje av attgroing, eller ved ulike former for inngrep (nedbygging, tilplanting med framande bartre osv).



**Figur 6.4.** Velhevd naturbeitemark på Kausland (lok. 19). Det gamle kulturlandskapet er i rask endring i Sund, som dei fleste andre stader, og mykje har forsvunne dei siste tiåra. Saman med det gamle, småskala kulturlandskapet forsvinn også fleire biologisk særprega og verdifulle naturtypar, og med dei mange artar. Framleis finn ein likevel nokre stader restar av desse miljøa. Ofte er dei, som her, noko forringa av m.a. gjødsling, men i kantsoner og på knausar kan det likevel vekse kravfulle og sjeldne artar.

artane er også tilpassa eit heller magert jordsmonn, utan særleg gjødsling, og forsvinn etter kort tid, dersom ein tilfører kunstgjødsel eller gylle.

Etter ca. 1950 har det skjedd store endringar i landbruket. Utmarksareala i låglandet blir i mindre grad enn før nytta til beiting og hausting, og slåtteeengene blir drivne meir intensivt med kraftig gjødsling og eit fåtal grasartar. Fleire av naturtypane knytte til det gamle jordbrukslandskapet er i ferd med å forsvinne. Dette har igjen ført til at mange artar som tidlegare var vanlege i kulturlandskapet etterkvart har blitt sjeldne eller er i tilbakegang. Naturtypar i kulturlandskapet som er plukka ut for denne kartlegginga er i stor grad område med restar av gamle driftsformer, område som inneheld eit høgt artsmangfald eller særigne artar.

Av tradisjonelle, biologisk interessante kulturmarkstypar har det i Sund særleg vore mykje lynghei, og lyngheilandskapet har dominert i ytre delar og også vore utbreidd i indre delar av kommunen. Det aller meste av desse gror no att med skog, anten fordi dei ikkje lenger blir beita og haldne i hevd som før eller dei har vorte tilplanta eller nedbygde. Det er lite lausmassar i kommunen, slik at gardsbruka for det meste har vore små og med lite innmarksareal. Ein del beitemark finst framleis i kommunen, men også ein god del av desse areala har forsvunne som følgje av nedbygging eller attgroing. I litt mindre grad gjeld det same for fulldyrka areal. I dag er det få gardsbruk i drift i Sund, og desse ligg spreidd, utan klare konsentrasjonar.

#### *Naturbeitemark (D04)*

Naturbeitemark er ikkje tresett beitemark i langvarig hevd som har vore lite eller ikkje gjødsla eller jordarbeidd (DN 2007). Naturbeitemark med lang kontinuitet og god hevd er ein artsrik naturtype, som har blitt stadig sjeldnare. Naturtypen har ofte eit stort innslag av urter, men er likevel som regel meir grasdominert enn slåtteeenger. Areal med indikasjon på langvarig hevd, utan bruk av gjødsel er viktige.

I Sund vart det kartlagt to slike lokalitetar under feltarbeidet vårt i 2006. Desse ligg på Kausland vest i kommunen og i Kvalvågen i nordaust. Under ei konsekvensutreiing året etter, vart det funne ytterlegare eit par lokalitetar (Aarland m.fl. 2008), og ganske sikkert finst det enno nokre beitemarker av biologisk verdi i kommunen. Mykje er det likevel ikkje att, og det er difor viktig å ta vare på dei få restane som enno finst. Generelt har desse beitemarkene eit ganske surt jordsmonn og er dominert av gras og mosar. Det mest spesielle ved dei gamle, lite gjødsla beitemarkene, som særleg den i Kvalvågen er eit godt døme på, er ei rekkje kravfulle, og ofte

raudlista, soppartar som dukkar opp om hausten (såkalla beitemarksopp).

#### *Hagemark (D05)*

Denne naturtypen omfattar dei fleste tresette kulturmarksområde der trea ofte er avstandsregulerte, som tresett beitemark og slåttemark. Ein ønskjer spesiell fokus på område med styvingstre (DN 1999). Gamle styvingstre er eit viktig habitat for sopp, lav, mosar og virvellause dyr, fordi dette ofte er dei einaste trea som har fått sjansen til å bli verkeleg gamle.

To slike lokalitetar er kartlagt i Sund. Den eine er ein noko attgroande lokalitet med innslag av store eiketre på austsida av Bjelkarøy, lengst aust i kommunen. Den andre ligg ved Førdespollen og er eit overgangsmiljø mot rik edellauvskog og rike strandberg, med innslag av både ask, eik og lind. Velutvikla hagemark er det lite av i Sund, men overgangsmiljø mot andre verdfulle naturtypar (som edellauvskog) kan finnast fleire stader.

#### *Kystlynghei (D07)*

Som namnet fortel er dette opne, lyngdominerte miljøet langs kysten. Kystlyngheiane er ein gammal kulturmarkstype danna ved kombinasjon av skoghogst, brenning og husdyrbeite. Naturtypen finst i eit belte mot vest gjennom det meste av Europa, men går sterkt tilbake som følgje av attgroing (nedlagt drift), nedbygging mv. Også i Norge er naturtypen truga, og med den enkelte artar knytt til dette landskapet.

Tilbakegang av arealet med kystlynghei skjer også i Sund, der det tidlegare har vore store areal med open kystlynghei, men der det aller meste no gror att. Mindre areal har også vorte tilplanta med framande treslag. Under naturtypekartlegginga vart berre eit par lokalitetar kartlagt og rekna som ganske intakte og verdifulle, men heller ikkje desse har særleg god hevd lenger. Mangelen på hevd gjer det vanskeleg å vurdere både avgrensing og verdi på dei attverande lyngheiane i kommunen, og mange mindre areal med slik hei kunne nok godt ha vorte tekne med. Lyngheiane i Sund er stort sett fattige, men nokre litt mindre vanlege, sørvestlege, som t.d. purpurlyng, finst.

#### *Parklandskap (D13)*

Parklandskap er eit døme på at sjølv meir moderne kulturlandskap utan direkte tilknytning til jordbruket kan ha biologiske verdiar. Naturtypen er ein samlesekk for ulike miljø vi har skapt med spreidd tresetting, både reine parkanlegg, gamle hagar, alléar og kyrkjegardar. Verdiane kan både vere knytt til trea, som ofte blir store og gamle, eller marka med gamle, ugjødsla plenar og liknande.

Ein slik lokalitet er registrert i Sund; den gamle handelsstaden på Bukken. Her er det gamle asketre og små bergveggar med ein rik lavflora, inkludert fleire sjeldne og truga artar. Det finst også gamle tre og parkliknande landskap andre stader i kommunen, særleg i Klokkarvik, men hittil er det ikkje funne spesielle artar der som tilseier avgrensing av verdifulle miljø. Eit problem ved parklandskap både i Sund og andre stader, er at sjølv om dei kan innehalde stadeigne, sjeldne artar, har det også ofte vorte planta inn framande planter som kan spreie seg i naturen, og på den måten utgjere eit alvorleg trugsmål mot det opphavlege artsmangfaldet. Eit godt døme på dette er platanlønna, som m.a. veks i Klokkarvik.

### Ferskvatn/våtmark (E)

Naturtypen omfattar område med ope ferskvatn som elvar, bekkar, større og mindre innsjøar og innsjøområde (DN 2007). Mange artar er direkte knytte til vatn og vassdrag. Både i skogsområde og i intensivt drivne jordbruksområde kan ferskvasslokalitetar vere artsrike habitat og viktige spreingskorridorar. Mange ferskvasslokalitetar har stor grad blitt utsette for ulike inngrep. Viktige trugsmål er m.a. regulering, drenering, attfylling, bekkelukking, bekkeutretting og forureining. Sund har mange små bekkedrag, småtjorn og mindre vatn, men manglar store innsjøar og elvar. Fattig berggrunn og lite lausmassar fører til at dei fleste vatna er dystrofe (sure og humusrike), og naturleg eutrofe (næringsrike) vatn manglar. Det er truleg også få oligotrofe (næringsfattige, klare vatn).

#### *Rike kulturlandskapssjøar (E08)*

Naturtypen omfattar næringsrike innsjøar i kulturlandskapet, med rik vassvegetasjon og kantvegetasjon (DN 2007). Naturtypen er ofte artsrik og viktig habitat for næringskrevjande plantar og dyr i ferskvatn. Frodig og høgvaksten vassvegetasjon i strandsona er ofte viktig hekke- og skjulestad for våtmarksfuglar.

To mindre vatn er kartlagt som rike kulturlandskapssjøar i Sund. Det gjeld Midtveitvatnet og Skrubbisvatnet, som begge ligg i Telavåg. Truleg er det noko marine lausmassar i vatna, og i kombinasjon med tilførsel av næringsstoff frå jordbruk og busetnad, har dette ført til at vatna har relativt frodig vassvegetasjon med høgvakstne takrøyrbelte.

### Skog (F)

Skog omfattar område der tre er dominerande, men blant naturtypene finst det også tresette område som vert rekna som kulturlandskap (t. d. hagemark og parklandskap). Nest etter fjell er

skog den mest utbreidde naturtypen i Noreg. Om lag 37% av landarealet er skogdekt. Av det totale skogarealet på landsbasis er ca. 55% barskog og 45% lauvskog (berre 1% er edellauvskog). Det skogdekte arealet stig etter kvart som utmarka gror att.

Skog finst i svært mange utformingar alt etter klima, jordsmonn og topografi, og dannar dermed mange ulike leveområde. Over halvparten av alle landlevande dyr som er registrerte her i landet, er knytt til skogen. Også mange raudlisteartar høyrer til dette økosystemet, dei fleste innan artsrike grupper som insekt og sopp.

Sund har mindre skogareal enn dei fleste andre kommunar i Hordaland, berre rundt 11 km<sup>2</sup>. Sund er riktig nok ein liten kommune, men det har også vore ei relativt omfattande avskoginga her. Naturleg skog av litt utstrekning ser det berre ut til å ha vore mellom Klokkarvik og Dommedalsvatnet, som også er det største samanhengande skogområdet i kommunen i dag. Elles var det nok i hovudsak små skogholt og kratt som klarte seg gjennom den mest intensive utnyttinga for 100-150 år sidan.

I det nemnte området nord for Klokkarvik er det mest furuskog, mest av fattig og fuktig røsslyngtype. Litt innslag av blåbærskog og rikare flekkar med lågurtprega kystfurusog med hasselkratt finst også. I tillegg er det sjølv sagt ein del innplanta framande treslag, særleg gran og sitkagran. Lauvskog finst også, dels i form av attgroande kulturmark og kantsoner med bjørk, selje, osp, rogn. I tillegg er det mindre bestand av det som truleg er meir naturleg, rik lauvskog, med lind, hassel og eik som viktige treslag. Også desse veks helst i kantsoner mot gamal kulturmark, oftast i sørvendte skråningar og bergskrentar.

#### *Rik edellauvskog (F01)*

Rik edellauvskog er skog av varmekjære lauvtre som ask, alm, eik, hassel, lind, bøk, svartor og spisslønn. Dette er artsrike og frodige skogar med krav til varmt sommarklima, ofte på næringsrik jord med rike bergartar. Ofte er skogane prega av tradisjonell bruk som styving og beite (DN 2007). På landsbasis er edellauvskog ein sjeldan naturtype (utgjør omlag 1% av skogarealet).

Dette er den naturtypen som Sund hittil har fått registrert flest førekomstar av. I alt seks lokalitetar vart kartlagt i 2006 (nokre av dei var kjent frå før), og ytterlegare ein vart registrert i 2007 (Aarland m.fl. 2007). I tillegg til treslaga lind, hassel og eik, har slik skog gjerne eit frodig feltsjikt med artar som ramslauk, myske, og litt meir sjeldan, vårmarihand og skogsvingel. I tillegg finn ein ofte interessante artar frå andre organismegrupper, m.a. sjeldne, kystbundne lavartar.



**Figur 6.5.** Kystfuruskog med hasselkratt ved Langavatnet (lok. 1). Gamle og fuktige kystfuruskogar er eit særprega miljø som kan vere levestad for ein del sjeldne artar. Dette gjeld m.a. fleire lavartar som internasjonalt har ei utbreiing som i stor grad samsvarar med førekomst av regnskogsmiljø. Fleire av desse artane er funne i Sund, m.a. i desse hasselkratta ved Langavatnet. Med andre ord har kommunen innslag av regnskog!

#### *Gammal, fattig edellauvskog (F02)*

Edellauvskog med tre av høg alder, men med fattig feltsjikt (DN 1999). Naturtypen er særleg viktig som vekse- og levestad for sopp, lav mosar og insekt, og kan vere svært rik på raudlisteartar.

Ein lokalitet i Førdespollen, søraust i kommunen, er registrert som denne naturtypen. Grunnen er at feltsjiktet er ganske fattig, samtidig som det veks grov lind i skogen. Spesielle artar som er typiske for gammal edellauvskog er likevel ikkje funne her, så langt. Kanskje kan det vere innslag av markbuande sopp som treng god kontinuitet i førekomsten av linde eller hassel her, men artar som lever på gamle eller døde tre nok har hatt for dårlege vilkår i distriktet (for dårleg kontinuitet). Særleg fleire lokalitetar av denne naturtypen kan ein nok ikkje rekne med å finne i kommunen.

#### *Kystfuruskog (F12)*

Dette er furuskog med innslag av kystbundne karplantar, mosar og lav, særleg i rikare skog (DN 1999). Skogtypen er internasjonalt sjeldan

og i tillegg til på Vestlandet finst den berre sparsamt i Skottland.

Tre lokalitetar med kystfuruskog er avgrensa i Sund. Alle ligg mellom Klokkarvik og Dommedalsvatnet. Den eine (kalla Børnesskogen) omfattar i praksis mykje av det som finst her av eldre, naturleg furuskog, og lokaliteten er avgrensa særleg fordi det er ein relativt stor furuskog til å ligge såpass langt mot vest. Dei to andre lokalitetane er mykje mindre, og ligg delvis omslutta av den store lokaliteten. Dei skil seg ut ved å ha noko rikare vegetasjon, m.a. ein del hassel. På hasseltrea her er det samtidig funne fleire sjeldne og truga lavartar som er typiske for fuktige kystfuruskogar på sørvestlandet, såkalla regnskogslav. Kanskje kan det vere mindre bestand med naturleg furuskog elles i dette området som kunne ha vorte registrert, men særleg mykje er det nok ikkje.

#### **Havstrand/kyst (G)**

Havstrand/kyst omfattar naturtypar som er knytte til saltvatn eller saltvasspåverka miljø, og i tillegg nokre habitat under vatn i svært grunne

område (grunne straumar, undervasseng, brakkvasspollar og brakkvassdelta). Områda mellom land og hav byr på spesielle livsvilkår og inneheld fleire naturtypar og artar som er sjeldne. Eit generelt stort press på strandområda mange stader gjer det viktig å få kartlagt dei viktigaste områda slik at ein i størst mogleg grad kan unngå inngrep her.

Sjølv om Sund er ei utprega kystkommune, med lang strandline som følgje av mange vikar, bukter og øyar, ser havstrandmiljøa ikkje ut til å vere særleg botanisk varierte eller interessante. For det meste er det snakk om fattige strandberg og noko grov rullesteinstrand med få og vanlege havstrandplantar.

#### *Strandeng og strandsump (G05)*

Strandenger med tilknytta sumpmiljø finst særleg på stader som ligg noko skjerma i nokså flatt

terreng der det er ein del lausmassar. Slike miljø har mange spesialtilpassa artar som tåler salt godt. Dei er også viktige for mange våtmarksfugl, både som hekkeplass og som rasteplass under trekket.

I Sund er berre ein lokalitet kartlagt, denne ligg i Leirvågen på Toftøy i sørvestre del av kommunen. I ei skjerma bukt er det her danna ein grunn poll med noko strandeng langs kantane. Lokaliteten er liten og ikkje spesielt artsrik, og har difor berre fått lokal verdi. Det finst nok fleire små saltenger og kanskje også brakkvassenger og forstrender i kommunen, men det er lite lausmassar langs sjøen og førekomstane er små og dårleg utvikla.

## 7. RAUDLISTEARTAR

Raudlisteartar har ein sentral plass i kartlegginga av biologisk mangfald. Både som kriterium for verdisetjing av naturtypeområde og som kartleggingsobjekt.

Ei raudliste er ei oversikt over artar som er sjeldne, truga eller i tilbakegang, med ei vurdering av risikoen for at arten skal dø ut i nær framtid. Mange av desse artane er sterkt spesialiserte artar med avgrensa utbreiing og små leveområde. Andre er arealkrevjande artar som er i tilbakegang grunna fragmentering av leveområda. Mange artar på raudlista er naturleg sjeldne og krev av den grunn spesielle omsyn. Ei raudliste kan òg innehalde artar som er i framgang, men som i nær fortid har hatt sterkt reduserte bestandar.

IUCN (International Union for the Conservation of Nature) gir ut slike lister på verdsbasis, og mange land har no gitt ut nasjonale raudlister.

Den offisielle norske raudlista blir utgitt av Artsdatabanken. Enkelte Fylkesmenn har utgitt fylkesvise (regionale) raudlister for å rette fokus på artar som er truga regionalt og lokalt og som kanskje ikkje blir fanga opp i nasjonal samanheng. Nokre artar på den nasjonale raudlista kan vere relativt vanlege regionalt og lokalt. I slike tilfelle har det aktuelle fylket eller den aktuelle kommunen eit særskilt forvaltingsansvar.

Raudlistene må reviderast relativt ofte etterkvart som kunnskapen om artane aukar. Situasjonen for enkelte artar kan òg endre seg relativt raskt. Denne rapporten byggjer på *Norsk rødlister 2006* (Kålås mfl. 2006). Den førre norske raudlista kom

i 1999 (Direktoratet for naturforvaltning 1999) og den neste er planlagt i 2010.

I forvaltningssamanheng opererer ein òg med omgrepet *ansvarsart*. Dette gjeld artar som det

### Kategoriar i den norske raudlista frå 2006

#### **RE Regionalt utdøydd (Regionally Extinct)**

Ein art er "Regionalt utdøydd" når det er svært liten tivil om at arten er utdøydd frå aktuell region (her Noreg). For at arten skal bli inkludert i denne kategorien må den ha vore etablert reproduserande i Noreg etter år 1800.

#### **CR Kritisk truga (Critically Endangered)**

Ein art er "Kritisk truga" når best tilgjengeleg informasjon indikerer at eitt av kriteria A-E for "Kritisk truga" er oppfylt. Arten har då ekstremt høg risiko for utdøying (50 % sjanse for utdøying innan 3 generasjonar, minimum 10 år).

#### **EN Sterkt truga (Endangered)**

Ein art er "Sterkt truga" når best tilgjengeleg informasjon indikerer at eitt av kriteria A-E for "Sterkt truga" er oppfylt. Arten har då svært høg risiko for utdøying (20 % sjanse for utdøying innan 5 generasjonar, minimum 20 år).

#### **VU Sårbar (Vulnerable)**

Ein art er "Sårbar" når best tilgjengeleg informasjon indikerer at eitt av kriteria A-E for "Sårbar" er oppfylt. Arten har då høg risiko for utdøying (10 % sjanse for utdøying innan 100 år).

#### **NT Nær truga (Near Threatened)**

Ein art er "Nær truga" når den ikkje tilfredsstillar nokre av kriteria for CR, EN eller VU, men er nær ved å tilfredsstille nokre av desse kriteria no eller i nær framtid.

#### **DD Datamangel (Data Deficient)**

Kategorien Datamangel blir brukt når det ikkje kan gjerast ei gradert vurdering av risiko for utdøying, men det samtidig blir vurdert som svært sannsynleg at arten ville blitt med på Raudlista dersom ein hadde tilstrekkeleg informasjon.

aktuelle landet har eit spesielt forvaltingsansvar for, fordi ein har store delar av totalbestanden innan sine landegrensar. Omgrepet kan òg nyttast regionalt og lokalt, der t.d. eit fylke eller ein kommune har ein stor del av den nasjonale bestanden av ein art.

#### RAUDLISTA PLANTAR, LAV, MOSAR OG SOPP I SUND

Det er funne ni raudlista karplanteartar i Sund. Av desse er det grunn til å frykte at *solblom* (to eldre funn, der eitt er frå Lerøy) er utrydda frå kommunen (som dei flest andre stader i midtre og nordre delar av Hordaland). *Pusleblom* har gamle funn frå Spildepollen ved Kausland og på Lerøy. Status i dag er usikker, men arten bør kunne finnast i strandberg nokre stader. *Havburkne* vart funne på Golta, sørvest i kommunen, i 2006 og veks truleg enno på dei tidlegare kjente lokalitetane i denne delen av kommunen, dvs. på Glæsnes. *Purpurlyng* er enno stadvis ganske vanleg i kystlyngheia i vestre delar av kommunen, men går truleg tilbake i takt med attgroinga. *Alm* finst nokre få stader i varme sørberg m.v. og kan også vere planta i hagar. *Marinøkkel* har eit eldre funn frå ei øy nær Bukken i indre delar av kommunen. Arten likar seg best på artsrike, gamle enger og går sterkt tilbake i låglandet og langs kysten av Sør-Noreg. Den er nok svært sjeldan i Sund no. *Buntsivaks* veks som tuer i vatn langs kysten, gjerne nokså sure myrtjørn. I Sund er den berre funnen på Lerøy, og sjølv om det er rundt 50 år sidan siste funn, kan den finnast her framleis. *Bendellauken* trivst i skogkantar og rike skogsmiljø langs kysten. Arten er tidlegare funnen i store mengder på Bukken, og bør vekse der enno (vart ikkje ettersøkt i 2006). Det finst også eldre funn frå nokre naboøyar og på og ved Lerøy.

Det ser ut til at det hittil berre er funne ein raudlista mose i Sund, *oddsåtemose* som er funnen ved Selstø og på Viksøy (her så seint som i 1980). Arten veks m.a. på myr og beitemark ved kysten. Kanskje veks det fleire sørlege, kystbundne raudlista moseartar i fuktige bergskorer og klipper nær sjøen i kommunen, men dette er ikkje godt undersøkt.

I alt 11 raudlista soppartar er kjent i Sund, og nesten halvparten av desse vart funne i 2006. Alle er såkalla beitemarksopp (*gulbrun narrevokssopp*, *ramneraudskivesopp*, *gulfovokssopp*, *raud honningvokssopp* og *mørkskjella vokssopp*). Raud honningvokssopp var også kjent frå eit 25 år gammalt funn frå Telavåg. Også dei andre eldre funna er frå 1970- og 80-talet og gjeld artar med noko ulike økologi; *lyngtraksopp* (lyngheiart), *elfenbensvokssopp* (rike edellauvskogar), *Peziza micropus* (ein nær truga art som veks på dødt lauvtrevirke), *ametystkremle* (rike lauvskogsmiljø), *gulbrun storpigg* (normalt i



**Figur 7.1.** Inne i ein bergsprekk vendt mot sør og ut mot havet på Golta (lok. 2) veks det litt havburkne (NT). Denne utprega oseaniske bregna er sjeldan i Noreg, men er i nyare tid funnen fleire stader i ytre Hordaland. Hittil er det berre gjort eit par funn i Sund, men den bør kunne finnast fleire stader lengst sør og vest i kommunen. Det er heilt typisk at den, slik som her, veks inst inne i bergsprekken.



**Figur 7.2.** Lavrik berghammar på Marieholm ved Bukken (lok. 16). Ingen av lavartane som vart funne her under kartlegginga i 2006 er raudlista, men når ein finn store flak av sølvnever og mykje buktporelav, er det gode indikasjonar på eit artsrikt og interessant lavmiljø med stort potensial for raudlisteartar. Ganske sikkert er det i denne typen miljø at *gullprikklav* (VU) veks eller har vokse på Bukken.

gammal kalkrik granskog, men her under planta gran) og *Skeletocutis lenis* (helst på gamle trestokkar av furu).

Lav er så langt den mest talrike gruppa av raudlisteartar i Sund, med 16 kjente artar. Nokre har hatt gamle funn, medan fleire først vart oppdaga i 2006. Førekomsten av *gullprikklav* på Bukken

er ein av svært få på Vestlandet, og arten er også her svært sparsam og truga av utrydding (arten vart ikkje funnen i 2006). Dei fleste raudlista lavartane veks anten på litt fuktige, skjerma berg, helst i rik lauvskog (m.a. *kystblåfjelllav*, *gullprikklav*, *kystprikklav*, *randprikklav* og *prakthinnelav*) eller dei veks på hasselstammar i fuktig kystfuruskog (*sølvpærelav*, *gul pærelav*, *hasselrurlav*, *stjernerurlav* og *Thelotrema macrosporus*). Nokre veks på fuktige og skjerma, meir sure berg, som *kystkorallav*, *ringstry* og *kort trollskjegg*. *Kystsaltlav* veks ofte i fuktig

kystlynghei, medan *Pachyphiale carneola* finst på ulike gamle edellauvtre, inkludert hassel. Også *kystrosettjav* veks på ulike lauvtre, ofte i parklandskap. Dei fleste artane nemnde under rik lauvskog og kystfuruskog kan reknast som såkalla regnskogslav, dvs. lavartar som vanlegvis veks i regnskogsmiljø rundt omkring på kloten, og der skogsmiljøa dei finst i kan sjåast på som regnskogar (for Sund kommune sin del er det snakk om ulike utformingar av såkalla borememoral regnskog).

**Tabell 2.** Funn av raudlista karplantar, mosar, sopp og lav i Sund kommune (Kjelder: Eigne funn, Artsdatabanken), jf. Norsk Rødliste 2006 (Kålås m.fl. 2006).

Artsgruppe	Norsk namn	Vitskapeleg namn	Habitat	Raudlistestatus	
Karplantar (9)	Pusleblom	<i>Anagallis minima</i>	Havstrand, strandberg	NT	Nær truga
	Solblom	<i>Arnica montana</i>	Slåtteeenger	VU	Sårbar
	Havburkne	<i>Asplenium marinum</i>	Bergskorter ved havet	NT	Nær truga
	Purpurlyng	<i>Erica cinerea</i>	Kystlynghei	NT	Nær truga
	Alm	<i>Ulmus glabra</i>	Edellauvskog	NT	Nær truga
	Skjoldblad	<i>Hydrocotyle vulgaris</i>	Fuktige sig	NT	Nær truga
	Marinøkkel	<i>Botrychium lunaria</i>	Naturenger	NT	Nær truga
	Buntsivaks	<i>Eleocharis multicaulis</i>	Tjønn og innsjøar	NT	Nær truga
	Bendellauk	<i>Allium scorodoprasum</i>	Enger, rike skogsmiljø mv	NT	Nær truga
Mosar (1)	Oddsåtemose	<i>Campylopus brevipilus</i>	Torv- og beitemark	VU	Sårbar
Sopp (7)	Gulbrun narrevokssopp	<i>Camarophylloopsis schulzeri</i>	Naturbeitemark	NT	Nær truga
	Ramneraudskivesopp	<i>Entoloma corvinum</i>	Naturbeitemark	NT	Nær truga
	Raud honningvokssopp	<i>Hygrocybe splendidissima</i>	Naturbeitemark	NT	Nær truga
	Mørkskjella vokssopp	<i>Hygrocybe turunda</i>	Naturbeitemark	NT	Nær truga
	Elfenbensvokssopp	<i>Hygrophorus eburneus</i>	Eik- og bøkeskog	NT	Nær truga
	Lyngraktsopp	<i>Clitocybe josserandii</i>	M.a. i lynghei	DD	Datamangel
	-	<i>Peziza micropus</i>	Daude lauvtre	NT	Nær truga
Lav (14)	Kystkorallav	<i>Bunodophoron melanocarpum</i>	Beskytta berg	NT	Nær truga
	Kystblåfjelllav	<i>Degelia atlantica</i>	Beskytta berg og tre	VU	Sårbar
	Prakthinnelav	<i>Leptogium cochleatum</i>	Beskytta berg og tre	EN	Sterkt truga
	-	<i>Pachyphiale carneola</i>	Gamle lauvtre	NT	Nær truga
	Kystrosettjav	<i>Physcia leptalea</i>	På lauvtre	EN	Sterkt truga
	Gullprikklav	<i>Pseudocyphellaria crocata</i>	Beskytta berg og tre	VU	Sårbar
	Randprikklav	<i>Pseudocyphellaria intricata</i>	Beskytta berg	EN	Sterkt truga
	Kystprikklav	<i>Pseudocyphellaria norvegica</i>	Beskytta berg	EN	Sterkt truga
	Sølvpærelav	<i>Pyrenula laevigata</i>	Hasselkratt	NT	Nær truga
	Gul pærelav	<i>Pyrenula occidentalis</i>	Hasselkratt	NT	Nær truga
	Kystsaltlav	<i>Stereocaulon delisei</i>	Fuktig berg	VU	Sårbar
	-	<i>Thelotrema macrosporum</i>	Hasselkratt	EN	Sterkt truga
	Stjernerurlav	<i>Thelotrema petraetoides</i>	Hasselkratt	EN	Sterkt truga
	Hasselrurlav	<i>Thelotrema suecicum</i>	Hasselkratt	NT	Nær truga



## 8. KOR GODT KJENNER VI NATUREN I SUND?

### DAGENS KUNNSKAPSNIVÅ

Sjølv om Sund kommune ligg nært universitetet i Bergen og burde vere ganske lett tilgjengeleg, ser det ikkje ut til at kommunen har vore mykje undersøkt av fagfolk. Berre nokre få litteraturkjelder har vart funne nyttige i denne kartlegginga. Ein kort sjekk med enkelte aktuelle fagfolk tilknytt vitskapelege institusjonar i Bergen (Tor Tønsberg ved Universitetet og Hans H. Blom ved Institutt for skog og landskap) gav noko av det same inntrykket. Fagfolk har helst

besøkt kommunen berre ved meir eller mindre tilfeldige turar. Kommunen har i nokon grad vore brukt som turmål for botanisk foreining og Universitetet i Bergen, men dette ser for det meste berre ut til å ha resultert i korte notat og liten grad i detaljerte og grundige kartleggingar til nytte for forvaltninga (sjå t.d. Lid 1947, Naustdal 1949, 1961, 1962, 1967). Det same mønstret kjem også fram om ein ser på artskartet til Artsdatabanken. Det finst spreidde, men relativt få artsfunn.

**Tabell 2.** Dei viktigaste kjente skriftlege kjeldene om det biologiske mangfaldet i Sund, med kort kommentar til innhaldet.

Kjelde	Kommentar
<b>Aarland, F., Svalheim, E. &amp; Solvang, R. 2008.</b> Sotrasambandet, Delprosjekt 2; Rv555 Kolltveitskiftet - Austefjorden. Kommunedelplan med KU. Temarapport Naturmiljø. Statens Vegvesen, Region vest. Rapport, 51 s. + vedlegg.	Noko generell omtale, samt skildring av verdifulle naturtypar, ferskvassmiljø og viltområde langs aktuell vegstrekning. Dette inkluderer omtale av fire naturtypelokalitetar som ikkje vart fanga opp i den kommunale naturtypekartlegginga i 2006.
<b>Bjørkevoll, I., Mjøs, A. T. &amp; Overvoll, O. 2006.</b> Viltet i Sund. Kartlegging av viktige viltområde og status for villtartane. Sund kommune og Fylkesmannen i Hordaland. MVA-rapport 1/2006. 46 s. + vedlegg.	Rapporten inneheld ei oversikt over kjente, verdifulle viltområde og oversikt over kva slags viltartar (dvs. amfibium, krypdyr, pattedyr og fuglar) som er kjent i kommunen. Ingen av lokalitetane er tekne med i denne rapporten, sidan det er snakk om parallelle prosjekt som skal fylle ut kvarandre.
<b>Fremstad, E., Aarrestad, P. A. &amp; Skogen, A. 1991.</b> Kystlynghei på Vestlandet og i Trøndelag. Naturtype og vegetasjon i fare. NINA utredning 029.	Landsdelskartlegging av kystlynghei, der to lokalitetar i Sund kommune er med (ved Kausland og Telavåg).
<b>Hellås, K., Bjørlykke, C. &amp; Jenssen, M. 1996.</b> Rv556 veg til Lerøy og Bjelkarøy. Miljørapport. Asplan Viak. 39 s. + vedlegg.	Konsekvensutgreiing for ny veg til Lerøy og Bjelkarøy, m.a. med vekt på verknader for naturmiljøet. Noko generell omtale av naturen, men ingen spesielt verdifulle miljø er omtala.
<b>Korsmo, H. 1975.</b> Naturvernrådets landsplan for edellauvskogreservater i Norge, IV. Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. - Bot. inst. Ås-NLH.	Landsdelskartlegging av edellauvskogar, der ein lokalitet i Sund er med (ved Steinsland).
<b>Lundberg, A. 1992.</b> Havstrand i Hordaland. Regionale trekk og verneverdiar. - DN-rapp. 1992-2.	Fylkeskartlegging av havstrandmiljø. Tre lokalitetar i Sund er omtala: ved Eide, Forlandsvågen og Leirvågen på Toftøy. Sistnemnde er inkludert som verdifull naturtype her.
<b>Øvstedal, D. O. &amp; Sæthre, H. Å. 1988.</b> Hasselskogar i ytre Hordaland. Eit verneforslag. Arboha. Rapport.	Regional kartlegging av hasselkratt. Tre lokalitetar i Sund er nærare omtala, Hammersland, Førdespollen og Steinsland. Dei to sistnemnde er inkludert som verdifulle naturtypar her.

Det vart gjennomført noko nytt feltarbeid under kartlegginga av naturtypar i Sund. Vi hadde eit par feltdagar både vår og haust, noko som førte til funn både av fleire naturtypar og raudlisteartar. Det kan vere grunn til å merke seg at alle dei tre sterkt truga lavartane først vart funne i 2006, og tilfanget i funn av raudlisteartar blant lav og sopp var vesentleg. Generelt viktige naturtypar på ytre Vestlandet, som naturbeitemark og fuktige, oseaniske furuskogar med hasselkratt var ikkje dokumentert i kommunen tidlegare. Dette viser både kor mangelfullt kommunen var undersøkt før, og at undersøkingane i 2006 betra situasjonen ein del. Framleis står det likevel utan tvil att mykje å gjere, noko undersøkingane i 2007 tilknytt ny riksveg 555 (Aarland m.fl. 2008) har dokumentert, med funn av fleire nye biologisk verdifulle miljø.

### OPPFØLGJANDE UNDERSØKINGAR

Vi konsentrerte vårt arbeid dels om å sjekke lokalitetar der tips eller litteraturkjelder tilsa førekomst av verdifulle miljø, dels om å fange opp noko av spennvidda i kommunen, både geografisk og vegetasjonsmessig, og dels areal som vi hadde spesielt stor tru på at kunne innehalde verdifulle miljø (som skog med edellauvtre og godt hevda, kuperte beitemarker).

Vi er ikkje kjent med at det er naturtypar som er spesielt dårleg dekkja, og meiner at ein bør vere forberedt på å finne nye lokalitetar innanfor dei fleste registrerte typane, og sikkert også enkelte som ikkje har vore fange opp hittil. Det er truleg fleire naturbeitemarker, kystlyngheier og rike edellauvskogar som ikkje er kartlagte. Det er også mogeleg at kommunen har førekomstar av

t.d. slåtteeing, rikmyr og undervasseng (undervasseng skal no kartleggast som marin naturtype).

Geografisk er nok areal nær veg gjennomgåande betre kartlagt enn meir avsidesliggjande delar av kommunen, men grovt sett har ein fått sjekka ut heile kommunen, og det er ingen store, "blanke" felt på kartet. På ein finare skala kan det vere grunn til å trekkje fram følgjande område og miljø:

- Lerøy og Bjelkarøy. Potensiale for m.a. interessante berghamrar ut mot havet, naturbeitemark og hasselkratt. Gamle funn av raud-

listearter buntsivaks og den mindre vanlege vestlandsvikka.

- Førdesveten med omegn. Potensiale for nordvendte kystberg med fuktkevjangende mosar.
- Sørvestre del av kommunen (Toftøy, Glesvær med omliggande øyar). Potensiale for varme bergskrentar med kravfulle plantar og intakte, mindre areal med kystlynghei
- Telavåg nord og aust. Generelt dårleg kjent. Potensiale for meir kystlynghei, kanskje også kvalitetar m.a. knytt til myr, våtmark og berg.
- Haganesfjellet (i nordaust). Ser ikkje ut til å ha vore undersøkt av nokon.
- Tyssøy med småøyar i aust. Potensiale for m.a. rike strandberg.

## 9. STRATEGI FOR Å STANSE TAP AV BIOLOGISK MANGFALD INNAN 2010

Grunnlova sin § 110b krev at naturkvalitetane blir bevarte for ettertida og etterslekta. Det same gjer formålsparagrafen i naturvernlova. St. meld. 42 (2000-01) om biologisk mangfald presenterer følgjande nasjonale resultatmål:

- 1) Eit representativt utval av norsk natur skal vernast for komande generasjonar.
- 2) I truga naturtypar skal ein unngå inngrep og i omsynskrevjande naturtypar skal viktige økologiske funksjonar oppretthaldast.
- 3) Kulturlandskapet skal forvaltast slik at kulturhistoriske og estetiske verdiar og biologisk mangfald blir opprettholdt.
- 4) Hausting og annan bruk av levande ressursar skal ikkje føre til at artar eller bestandar blir utrydda eller truga.
- 5) Menneskeskapt spreiding av organismar som ikkje høyrer naturleg heime i økosystema skal ikkje skade eller avgrense økosystema sin funksjon.
- 6) Truga artar skal oppretthaldast på eller bygast opp att til livskraftige nivå.
- 7) Jordressursar som har potensial for matkornproduksjon skal disponerast slik at ein tek omsyn til framtidige generasjonar sine behov.

Seinare har både regjeringa og Stortinget sett seg som mål at tap av biologisk mangfald i Noreg skal stoppast innan 2010. Dette er ei vesentlig utviding av målet ved det internasjonale Rio+10-møtet i Johannesburg i 2002, der den offisielle anbefalinga var at landa burde redusere vesentleg tapet av biologisk mangfald i same tidshorisont.

For å oppfylle dette målet må i det minste følgjande saksområde utgreiast i Sund i 2009, for deretter å følgjast opp gjennom tiltaksplan og konkret handling:

- *Raudlistearter.* I den offisielle norske raudlista over truga artar (Kålås m. fl. 2006) går det fram at flest truga artar er knytte til skog (48 %) og kulturlandskap (35 %). For Sund er desse artene nærmare omtalde i kapittel 7.
- *Truga vegetasjonstypar.* Av vegetasjonstypar i rapporten om truga vegetasjonstypar i Noreg (Fremstad & Moen 2001) finn vi følgjande truga typar representerte i Sund: Rikt hasselkratt (EN - sterkt truga), alm-lindeskog (NT - nær truga), bergvegg/bergsprekk hinnebregneutforming (NT - nær truga) og kystlynghei (EN - sterkt truga).
- *Viktige lokalitetar/område for biologisk mangfald.* For å oppfylle målet om å stanse tap av biomangfald innan 2010 må ein strategiplan for Sund, som eit minimum, ta særlege omsyn til lokalitetane 1, 6, 8, 9, 10, 15, 20, 21 og 23 (jf. tabell 1 i kapittel 6 og lokalitetsomtalanene i vedlegget). Her er det tatt høgde for førekomst av raudlistearter (inkl. viltartar), truga vegetasjonstypar og inngrepsfrie område (i forhold til små nyare negative inngrep).
- *Tiltaksplan.* Sikring av naturlege skogsmiljø mot inngrep som flatehogst og treslagsskifte og ein aktiv, riktig skjøtsel av kulturlandskap bør ein også forvente av ein tiltaksplan. Ein slik tiltaksplan må følgjast aktivt opp. Dette vil på kort sikt vere ein god start på arbeidet med å sikre seg mot tap av biologisk mangfald i Sund.
- *Framande artar.* Ein må kartlegge utbreiing og omfang av framande artar, samtidig som også dette området må følgjast opp med ein tiltaksplan og aktiv handling. I Sund gjeld dette t.d. framande treslag som platanlønn, sitkagran og buskfu.

## 10. LITTERATUR

### GENERELL LITTERATUR

- Direktoratet for Naturforvaltning 2007. Kartlegging av naturtyper. Verdisetting av biologisk mangfold. DN-håndbok 13, 2. utgave 2007: 1-258 + vedlegg.
- Direktoratet for Naturforvaltning 2000. Veileder for kartproduksjon – tema biologisk mangfold. - DN-notat 2000-5.
- Fremstad, E. 1997. Vegetasjonstyper i Norge. - NINA Temahefte 12. 279 s.
- Fremstad, E. & Moen, A. 2001. Truete vegetasjonstyper i Norge. - Norges teknisk-naturvitenskap. Univ. Vitenskapsmus. Rapp. bot. serie 2001-4. 231 s.
- Kålås, J. A., Viken, Å. & Bakken, T. (red.) 2006. Norsk Rødlister 2006 – 2006 Norwegian Red List. Artsdatabanken, Norway.
- Lid J. & Lid D. T. 2005. Norsk flora. 7. utgåve ved Reidar Elven. Det Norske Samlaget, Oslo. 1230 s.
- Moen, A. 1998. Nasjonalatlas for Norge. Vegetasjon. - Statens kartverk, Hønefoss. 199 s.
- Ragnhildstveit, J. & Helliksen, D. 1997. Geologisk kart over Norge, berggrunnskart Bergen M 1:250.000. Noregs geologiske undersøkelse.
- Tønsberg, T., Gauslaa, Y., Haugan, R., Holien, H. & Timdal, E. 1996. The threatened macrolichens of Norway - 1995. - *Sommerfeltia* 23: 1-258.

### LITTERATUR OM SUND

- Aarland, F., Svalheim, E. & Solvang, R. 2008. Sotrasambandet, Delprosjekt 2; Rv555 Kolltveitskiftet – Austefjorden. Kommunedelplan med KU. Temarapport Naturmiljø. Statens Vegvesen, Region vest. Rapport, 51 s. + vedlegg.
- Fremstad, E., Aarrestad, P. A. & Skogen, A. 1991. Kystlynghei på Vestlandet og i Trøndelag. Naturtype og vegetasjon i fare. NINA utredning 029.
- Korsmo, H. 1975. Naturvernrådets landsplan for edellauskogreservater i Norge, IV. Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. - Bot. inst. Ås-NLH.
- Lid, J. 1947. Ekskursjoner i 1946. *Blyttia* 5: 26.
- Lundberg, A. 1992. Havstrand i Hordaland. Regionale trekk og verneverdiar. - DN-rapp. 1992-2.
- Naustdal, J. 1949. Nokre plantefunn på Vestlandet. *Blyttia* 7: 96-101.
- Naustdal, J. 1961. Vestlandsavdelingen, ekskursjoner 1960. *Blyttia* 19: 26-27.
- Naustdal, J. 1962. Vestlandsavdelingen, ekskursjoner 1961. *Blyttia* 20: 38-40.
- Naustdal, J. 1968. Vestlandsavdelingen, ekskursjoner 1967. *Blyttia* 20: 27-28.
- Øvstedal, D. O. & Sæthre, H. Å. 1988. Hasselskogar i ytre Hordaland. Eit verneforslag. Arboha. Rapport.

### SENTRALE DOKUMENT I MILJØVERNPOLITIKKEN

Fleire dokument utgjevne av styresmaktene er sentrale i forhold til biologisk mangfold. Gjennom stortingsmeldingane gir styresmaktene uttrykk for korleis ein ønskjer å forme politikken på spesielle område i åra framover. Her uttrykkjer ein gjerne politiske målsetjingar og kva verkemiddel ein vil setje i verk får å nå desse.

- St. meld. nr. 13 (1992-93) om FN konferansen om miljø og utvikling i Rio de Janeiro
- St. prp. 56 (1992-93) Om samtykke til ratifisering av konvensjonen om biologisk mangfold
- St. meld. nr. 31 (1992-93) Den regionale planleggingen og arealpolitikken
- Miljøverndep. sitt rundskriv til kommunane (T-937) "Tenke globalt - handle lokalt"
- St. meld. nr. 58 (1996-97) Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida.
- St. meld. nr. 8 (1999-2000) Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand
- St. meld. nr. 42 (2000-2001) Biologisk mangfold. Sektoransvar og samordning
- St. meld. nr. 21 (2004-2005) Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand


### AKTUELLE NETTSTADER

Miljøverndepartementet	<a href="http://www.odin.dep.no/md">www.odin.dep.no/md</a>
Direktoratet for naturforvaltning	<a href="http://www.naturforvaltning.no">www.naturforvaltning.no</a>
Fylkesmannen	<a href="http://www.fylkesmannen.no">www.fylkesmannen.no</a>
Miljøstatus i Norge	<a href="http://www.miljostatus.no">www.miljostatus.no</a>
Naturbasen	<a href="http://www.dirnat.no/nbinnsyn">www.dirnat.no/nbinnsyn</a>

Artsdatabanken	<a href="http://www.artsdatabanken.no">www.artsdatabanken.no</a>
Norsk Lavdatabase	<a href="http://www.nhm.uio.no/botanisk/nxd/lav/nld_b.htm">www.nhm.uio.no/botanisk/nxd/lav/nld_b.htm</a>
Norsk Soppdatabase	<a href="http://www.nhm.uio.no/botanisk/nxd/sopp/nsd_b.htm">www.nhm.uio.no/botanisk/nxd/sopp/nsd_b.htm</a>
Norsk Mosedatabase	<a href="http://www.nhm.uio.no/botanisk/nxd/mose/nmd_b.htm">www.nhm.uio.no/botanisk/nxd/mose/nmd_b.htm</a>
Norges Sommerfugler	<a href="http://www.toyen.uio.no/norlep">www.toyen.uio.no/norlep</a>
Norsk Soppforening	<a href="http://www.nhm.uio.no/botanisk/nsf">www.nhm.uio.no/botanisk/nsf</a>
Norsk Botanisk Forening Vestlandsavd.	<a href="http://www.uib.no/bot/nbfv">www.uib.no/bot/nbfv</a>
Norsk Botanisk Forening	<a href="http://www.alun.uio.no/botanisk/nbf/index.htm">www.alun.uio.no/botanisk/nbf/index.htm</a>
Norsk Entomologisk Forening	<a href="http://www.entomologi.no">www.entomologi.no</a>


# **Kart og faktaark**





### Kart 1. Skog og jordbruksareal


- Lauvskog
- Bar- og blandingsskog
- Jordbruksareal
- Myr
- Sjøfuglreservat



Kartframstilling: Fylkesmannen i Hordaland, miljøvern. avd.  
 Digitalt kartgrunnlag: Statens kartverk / Geovekst








**Kart 2. Prioriterte naturtypar**

- A - svært viktig
- B - viktig
- C - lokal verdi



Kartframstilling: Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavd.  
 Digitalt kartgrunnlag: Statens kartverk / Geovekst



# Naturtyper i Sund

## Miljøfaglig Utredning AS

### 1 Langvatnet SA

Sund kommune, 1245

UTM: EUREF89 32VKM, Ø: 8496, N: 8368

**Naturtype:** Kystfuruskog F12  
**Utforming:** Fuktige furu-hasselskoger F1203  
**Verdi:** Svært viktig A  
**Vegetasjon:** Ikke registrert  
**Vernestatus:** Ingen vernestatus  
**Trusler:** Skogbruksdrift &  
**Feltsjekk:** 05.05.2006 (siste)



#### Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 23.03.2007, ut frå eigen tur 05.05.2006:

**Lokalisering:** Lokaliteten ligg søraust på Sotra, på søraustsida av Langvatnet. Den er avgrensa av vatnet og myrlandt mark mot vest, fattigare og småvaksen kystfuruskog i aust, samt også noko fattigare skog i nord og sør. Det er ganske skarpe, naturlege grenser.

**Naturgrunnlag:** Lokaliteten omfattar ei skogkledd sørvestvendt li. Også eit lite skar som går opp mot nordaust frå vatnet er teke med. I nedkant av dette er det litt innslag av rasmark. Det er mest fattig berggrunn i området.

**Naturtypar:** Det er snakk om mest blåbærskog her, men også litt lågurtprega skog med hassel, og tendensar til alm-lindeskog i kanten av rasmarka. Ut frå lavfloraen på hasselkratta er det snakk om ein liten boreonemoral regnskog.

**Påverknad:** Det er uvisst kor god kontinuiteten i tresettinga har vore, men det er ikkje kontinuitet i dødt trevirke eller gamle tre. Vidare mot vest har det nok vore mest heilt ope i periodar tidlegare, så truleg har det vore svært glissen skog her også. I nyare tid har området derimot fått ligge stort sett i fred, og sjølv om det er planta inn ein del sitkagran i området, har sjølve lokaliteten fått vere i fred for dette.

**Artsmangfald:** Det er snakk om ein blandingsskog med furu, bjørk, rogn og hassel. Karplantefloraen er elles ikkje særleg rik, men det finst litt kusymre og vivendel. Lungenever-samfunnet er ganske dårleg utvekla, og omfattar berre sparsamt med artar som lungenever og muslinglav. Det som gjer lokaliteten verdfull og interessant er skorpelav på hassel. Fleire artar rurlav finst her, m.a. *Thelotrema macrosporum* (EN) og hasselrurlav (NT). I tillegg kjem gul pærelav (NT) og sølvpærelav (NT).

**Verdsetting:** Ut frå funn av fleire raudlista artar, inkludert ein sterkt truga art, får lokaliteten verdi svært viktig (A). Sidan desse artane viser at det er snakk om eit regnskogsmiljø, så er også dette ei god grunngeving for ein så høg verdi.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det beste for naturverdiane er å la skogen få stå stort sett i fred. Særleg flatehogst, treslagsskifte og hogst av hassel er negativt. Forsiktig husdyrbeite kan vere positivt.

#### Karplanteregistreringer på lokaliteteten (totalt 2 registreringer):

Kusymre	05.05.2006
Vivendel	05.05.2006

#### Registreringer av andre artar på lokaliteteten (totalt 6 registreringer):

<i>Lobaria pulmonaria</i>	Lungenever	Busk- og bladlav	
<i>Normandina pulchella</i>	Muslinglav	Busk- og bladlav	
<i>Pyrenula harrisii</i>		Skorpelav	
<i>Pyrenula laevigata</i>		Skorpelav	Nær truet (NT)
<i>Thelotrema sueticum</i>		Skorpelav	Nær truet (NT)
<i>Thelotrema macrosporum</i>		Skorpelav	Sterkt truet (EN)

# Naturtyper i Sund

## Miljøfaglig Utredning AS

### 2 Golta: Goltaberget

Sund kommune, 1245

UTM: EUREF89 32VKM, Ø: 7829, N: 8179

**Naturtype:** Sørvendte berg og rasmarker  
**Utforming:** Kalkrike og/eller sørvendte bergvegger  
 B0101  
**Verdi:** Viktig B  
**Vegetasjon:** Ikke registrert  
**Vernestatus:** Ingen vernestatus  
**Trusler:** Ingen kjente &  
**Feltsjekk:** 05.05.2006 (siste)



#### Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 23.03.2007, ut frå eigen tur 05.05.2006:

**Lokalisering:** Lokaliteten ligg på Golta, ei øy søraust på Sotra. Lokaliteten omfattar ein liten sørvendt berghammer, litt over men ut mot havet. Den er skarpt avgrensa mot andre, mindre interessante miljø.

**Naturgrunnlag:** Lokaliteten omfattar ei lita bergskorte i hammaren, som ligg inntil ein putt, i eit ope kystheilandskap, eksponert mot havet (vel 20 m o.h.).

**Naturtypar:** Terrenget er for det meste fattig, men helst kjem det ut litt kalkrikt sigevatn inne i bergsprekken.

**Påverknad:** Lokaliteten verker ikkje særleg påverka av inngrep.

**Artsmangfald:** Lokaliteten er artsfattig, men har interesse sidan det veks litt av raudlistearten havburkne (NT) her. Denne står djupt inne i bergsprekken i ei lengd på eit par meter, og i alt vart en 30-40 blader sett.

**Verdsetting:** Lokaliteten får verdi viktig (B), sidan ein raudlisteart veks her.

**Forslag til skjøtsel og hensyn:**

Det er viktig å la lokaliteten få ligge i fred. Tilplanting av framande treslag bør ikkje skje i området (det er vel heller ikkje så aktuelt).

#### Karplanteregistreringer på lokaliteteten (totalt 1 registreringer):

Havburkne

05.05.2006

Sjelden (R)

# Naturtyper i Sund

## Miljøfaglig Utredning AS

### 3 Golta: Nautavika

Sund kommune, 1245

UTM: EUREF89 32VKM, Ø: 7842, N: 8202

**Naturtype:** Andre viktige forekomster

**Utforming:**

**Verdi:** Viktig B

**Vegetasjon:** Ikke registrert

**Vernestatus:** Ingen vernestatus

**Trusler:** Ingen kjente &

**Feltsjekk:** 05.05.2006 (siste)



#### Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 23.03.2007, ut frå eigen tur 05.05.2006:

**Lokalisering:** Lokaliteten ligg på Golta, ei øy søraust på Sotra. Lokaliteten omfattar eit lite nordvendt skar med nærområdet til dette, som ligg litt skjerma til ut mot havet. Det er ganske skarpt avgrensa mot terrenget rundt, men det kan vere innslag av fuktkevjangende artar også andre stader i denne nordvendte skråningen.

**Naturgrunnlag:** Berggrunnen er jamnt over fattig og det er lite lausmassar her.

**Naturtypar:** Området har for det meste fuktig og fattig kystlynghei som gradvis gror att, og ein del bart fjell. I bergskorta er det litt meir frodig.

**Påverknad:** Det her tidlegare opplagt vore ein del av m.a. husdyrbeite i området, men no ligg det i fred.

**Artsmangfald:** Lokaliteten er ikkje særleg artsrik, men eit par fuktkevjangende artar vart funne, m.a. hinnebregne, dronningmose og raudlistearten kystblåfyllav (NT). Dronningmosen veks på fuktig jord, medan dei to andre står mest på fuktig berg.

**Verdsetting:** Lokaliteten får verdi viktig (B), sidan ein raudlisteart veks her.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det beste for naturverdiane vil vere å la miljøet få ligge i fred for alle typer inngrep.

#### Karplanteregistreringer på lokaliteteten (totalt 1 registreringer):

Hinnebregne	05.05.2006	Sårbar (V)
-------------	------------	------------

#### Registreringer av andre artar på lokaliteteten (totalt 2 registreringer):

<i>Hookeria lucens</i>	Dronningmose	Bladmoser	
<i>Degelia atlantica</i>	Kystblåfyllav	Busk- og bladlav	Sårbar (VU)

# Naturtyper i Sund


## Miljøfaglig Utredning AS

### 4 Litletjørna nord

Sund kommune, 1245

UTM: EUREF89 32VKM, Ø: 802, N: 826

**Naturtype:** Rik edellauvskog F01  
**Utforming:** Rike hasselkratt F0103  
**Verdi:** Lokalt viktig C  
**Vegetasjon:** Ikke registrert  
**Vernestatus:** Ingen vernestatus  
**Trusler:** Skogbruksdrift &  
**Feltsjekk:** 05.05.2006 (siste)



#### Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 26.03.2007, ut frå eigen tur 05.05.2006:

**Lokalisering:** Lokaliteten ligg på nordsida av Golta, søraust på Sotra. Lokaliteten omfattar eit lite søkk og ein sørvendt skråning som ligg lunt til aust for Goltasundet. Det er ganske skarpt avgrensa mot lyngheia rundt.

**Naturgrunnlag:** Det er innslag av små bergvegger i lia og eit lite fuktdrag i søkket. Truleg er nokre av bergveggane svakt baserike.

**Naturtypar:** Det er tydeleg snakk om lågurtprega hasselkratt, men utan særleg preg av edellauvskog. Rike hasselkratt er ein ganske presis karakteristikk av naturtypen.

**Påverknad:** Lokaliteten ligg i ei attgroande kystlyngheia. Helst har det vore eit og anna hasselkratt her tidlegare også, men området har utan tvil vore mykje meir ope og trebart før. Gamle tre finst ikkje. Det går ein noko brukt sti gjennom kratta.

**Artsmangfald:** Lokaliteten verker ikkje særleg artsrik og det vart ikkje funne andre edellauvskogsartar enn hassel. Lungenever-samfunnet manglar stort sett, og berre kystband vart funne av litt meir kravfulle moser. Det er nok eit potensiale for interessante markbuande sopp knytt til hassel.

**Verdsetting:** Lokaliteten får berre verdi lokalt viktig (C), sidan ingen spesielt kravfulle eller raudlista arter er kjent herifrå. Det er likevel eit lite potensiale for slike, særleg av sopp, og betre undersøkingar kan difor gje grunnlag for høgare verdi.

**Forslag til skjøtsel og hensyn:**

Det beste for naturverdiane vil vere å la miljøet få ligge i fred for dei fleste typer inngrep. Skånsom rydding av stien gjennom området og eventuelt ekstensivt beite går bra og kan vere positivt. Døme på negative inngrep er treslagsskifte og større hogst av hasselbusker.

#### Karplanteregistreringer på lokaliteteten (totalt 1 registreringer):

Hassel	05.05.2006
--------	------------

#### Registreringer av andre arter på lokaliteteten (totalt 1 registreringer):

<i>Metzgeria conjugata</i>	Kystband	Levermoser
----------------------------	----------	------------

# Naturtyper i Sund

## Miljøfaglig Utredning AS

### 5 Engelsbogen

Sund kommune, 1245

UTM: EUREF89 32VKM, Ø: 797, N: 813

**Naturtype:** Sørvendte berg og rasmarker

**Utforming:** Kalkrike og/eller sørvendte bergvegger  
B0101

**Verdi:** Viktig B

**Vegetasjon:** Ikke registrert

**Vernestatus:** Ingen vernestatus

**Trusler:** Nedbygging &

**Feltsjekk:** 05.05.2006 (siste)



#### Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 26.03.2007, ut frå m.a. herbariebelegg og eigen tur 05.05.2006:

**Lokalisering:** Lokaliteten ligg på vestre del av Glesvær, nord for Nordøyna, søraust på Sotra. Lokaliteten omfattar ein bratt sørvendt skrent som stuper ned i sjøen, og som er vanskeleg og til dels ganske utilgjengeleg. Lokaliteten er skarpt avgrensa mot sjøen i sør og flatare terreng i nord. Grensa mot vest er usikker og mot aust går det litt gradvis over mot busetnad (ikkje sjekka særleg godt). Vanskeleg tilkomst gjorde av lokalitetn får det meste berre vart sjekka på avstand (frå oversida), og den er ikkje særleg godt undersøkt.

**Naturgrunnlag:** Det er snakk om opne bergflater, små berghyller og kløfter. Truleg er berggrunnen stadvis litt kalkrik.

**Naturtypar:** På oversida er det kystlynghei som gror att. Nede i berga er det truleg mest bergveggsmiljø, men også små flekkar med skog, kanskje helst lågurttypar.

**Påverknad:** Det har vorte bygd bolighus inn mot den bratte skråninga i aust, men elles har det truleg vore lite inngrep i nyare tid.

**Artsmangfald:** Artsmangfaldet er noko dårleg undersøkt, men det veks einskilde tre av eik i bergveggane, samt litt hasselkratt. I tillegg er det vivendel der og blankburkne vart sett. På oversida og dels ned i berga veks det purpurlyng (NT). Av spesiell interesse er det at fleire botanikarar har vori i dette området tidlegare og funne raudlistearten havburkne (NT). Han vart ikkje sett no, men årsaken kan godt vere noko dårlege undersøkingar (vanskeleg tilkomst).

**Verdsetting:** Lokaliteten får verdi viktig (B), ikkje minst fordi ein sjeldsynt raudlisteart veks her, men også fordi det er ein ganske velutvikla førekomst av ein sjeldsynt og uvanleg naturtype.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det beste for naturverdiane vil vere å la miljøet få ligge i fred for dei fleste typer inngrep. Forsøpling (dumping av avfall på oversida) og spredning av framande arter utgjer truleg dei mest aktuelle trugsmåla.

#### Karplanteregistreringer på lokaliteteten (totalt 5 registreringer):

Blankburkne	05.05.2006	
Hassel	05.05.2006	
Purpurlyng	05.05.2006	
Vivendel	05.05.2006	
Havburkne	05.09.1920	Sjelden (R)

# Naturtyper i Sund


## Miljøfaglig Utredning AS

### 6 Steinsland 1

Sund kommune, 1245

UTM: EUREF89 32VKM, Ø: 8286, N: 8070

**Naturtype:** Rik edellauvskog F01  
**Utforming:** Alm-lindeskog F0105  
**Verdi:** Svært viktig A  
**Vegetasjon:** Ikke registrert  
**Vernestatus:** Ingen vernestatus  
**Trusler:** Nedbygging & Skogbruksdrift  
**Feltsjekk:** 06.05.2006 (siste)



#### Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGA den 27.03.2007, ut frå m.a. litteratur, herbariebelegg og eigen tur 06.05.2006. Lokaliteten har også vore registrert i gamal Naturbase (nummer 1245-00400).

**Lokalisering:** Lokaliteten ligg søraust på Sotra, innafor Toftøya, i eit småkupert kulturlandskap. Lokaliteten omfattar for det meste ein liten åskolle og den sørvestvendte skråningne til denne. Lokaliteten er ganske skarpt avgrensa mot busetnad, veg, kraftlinje og kulturmark i sør, vest og aust, litt meir diffust mot fattigare skog/attgroande kulturmark i nord.

**Naturgrunnlag:** Tydelegvis er det noko rikare berggrunn lokalt på denne staden. Elles er det ein del grunnlendt mark og litt rasmark i skråninga.

**Naturtypar:** Mykje av skråninga har alm-lindeskog og/eller kusymre-almeskog. I tillegg er det litt eikeskog oppe på åskollen, truleg dels som lågurtskog og dels noko fattigare og dominert av storfrytle. Også i nordvest er det litt fattigare skogtyper. Nokre små fuktsig mot nord.

**Påverknad:** Lokaliteten har no eldre lauvskog med innslag av gamle tre og sparsamt med daudt trevirke. Nokre parti både mot aust og nord er prega av å ha vore meir ope engmark før og er i attgroing. Truleg har skogen i periodar tidlegare vore hardare utnytta og kanskje hatt lite gamle tre. Lokaliteten har vore nytta som turmål for ekskursjonar frå Universitetet i Bergen.

**Artsmangfald:** Korsmo (1975) nemner ulike planteartar herifrå, inkludert varmekjære artar som lind (lokalt dominerande), eik, hassel, alm (sparsam) (NT), breiflangre og kusymre. Dei fleste av desse vart attfunne i 2006, samt at også tannrot og myske vart sett. Fleire lavekspertar har undersøkt området, m.a. Tor Tønsberg som t.d. fann mosepensellav og hasselrurlav (NT) her i 1997, og P. M. Jørgensen m.fl. grynfløyelslav i 1976. Under eigen tur i 2006 vart fleire artar i lungenever-samfunnet registrert (særleg på berg og steinblokker, men også litt på trestammer), m.a. rund porelav, gryporelav, sølvnever og raudlistearten randprikklav (EN) (sistnemnde to delfunn). I tillegg også nokre skorpelav som sølvpærelav (NT) og rurlav. Også nokre typiske moseartar for slike miljø vaks her, som kveilmose og galleteppemose.

**Verdsetting:** Lokaliteten har ein ganske klar verdi som svært viktig (A). Dette ikkje berre fordi ein høgt raudlista lavart veks her, men også fordi dette er ein av de best utvikla edellauvskogane som er kjent så langt vest i dette området. Potensialet for å finne fleire kravfulle og raudlista artar er til stades.

**Forslag til skjøtsel og hensyn:**

For naturverdiane er det særleg viktig å unngå hogst av varmekjære, naturlege treslag som lind, alm, eik og hassel. Også andre inngrep som nedbygging er negativt. Ein bør elles vere varsam med å hogge andre lauvtreslag som bjørk, selje og osp, men noko hogst av slike, m.a. i kantsoner er truleg til lite skade. Innførte, framande artar som platanlønn og granartar, er det berre positivt om vert fjerna.

Litteraturliste fra Naturtypebasen:

#### Karplanteregistreringer på lokaliteten (totalt 10 registreringer):

Alm	06.05.2006
Breiflangre	17.07.1974
Fagerperikum	17.07.1974
Hassel	06.05.2006
Kranskonvall	17.07.1974
Kusvmre	06.05.2006



# Naturtyper i Sund

## Miljøfaglig Utredning AS

### 6 Steinsland 1

Liljekonvall	17.07.1974
Lind	06.05.2006
Myske	06.05.2006
Sommareik	06.05.2006

#### Registreringer av andre arter på lokaliteteten (totalt 23 registreringer):

<i>Pterogonium gracile</i>	Kveilmose	Bladmoser	
<i>Metzgeria conjugata</i>	Kystband	Levermoser	
<i>Porella arboris-vitae</i>	Galleteppemose	Levermoser	
<i>Degelia plumbea</i>	Vanlig blåfiltlav	Busk- og bladlav	
<i>Leptogium cyanescens</i>	Blyhinnelav	Busk- og bladlav	
<i>Lobaria pulmonaria</i>	Lungenever	Busk- og bladlav	
<i>Lobaria virens</i>	Kystnever	Busk- og bladlav	
<i>Lobaria scrobiculata</i>	Skrubbenever	Busk- og bladlav	
<i>Lobaria amplissima</i>	Sølvnever	Busk- og bladlav	
<i>Lobaria pulmonaria</i>	Lungenever	Busk- og bladlav	
<i>Lobaria pulmonaria</i>	Lungenever	Busk- og bladlav	
<i>Lobaria pulmonaria</i>	Lungenever	Busk- og bladlav	
<i>Nephroma laevigatum</i>	Kystvrenge	Busk- og bladlav	
<i>Pannaria conoplea</i>	Grynfiltlav	Busk- og bladlav	
<i>Pseudocyphellaria intricata</i>	Randprikklav	Busk- og bladlav	Sterkt truet (EN)
<i>Pseudocyphellaria intricata</i>	Randprikklav	Busk- og bladlav	Sterkt truet (EN)
<i>Sticta fuliginosa</i>	Rund porelav	Busk- og bladlav	
<i>Sticta sylvatica</i>	Buktporelav	Busk- og bladlav	
<i>Gyalideopsis muscicola</i>		Skorpelav	
<i>Megalaria pulverea</i>		Skorpelav	
<i>Pyrenula laevigata</i>		Skorpelav	Nær truet (NT)
<i>Thelotrema lepadinum</i>		Skorpelav	
<i>Thelotrema suecicum</i>		Skorpelav	Nær truet (NT)

# Naturtyper i Sund

## Miljøfaglig Utredning AS

### 7 Steinsland 2

Sund kommune, 1245

UTM: EUREF89 32VKM, Ø: 8248, N: 8111

**Naturtype:** Rik edellauvskog F01  
**Utforming:** Alm-lindskog F0105  
**Verdi:** Viktig B  
**Vegetasjon:** Ikke registrert  
**Vernestatus:** Ingen vernestatus  
**Trusler:** Skogbruksdrift & Nedbygging  
**Feltsjekk:** 06.05.2006 (siste)



#### Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 27.03.2007, ut frå eigen tur 06.05.2006:

**Lokalisering:** Lokaliteten ligg søraust på Sotra, innafor Toftøya, i ein bratt vestvendt skråning ned mot sjøen, med busetnad og aggroande kulturmark på innsida. Lokaliteten er ganske skarpt avgrensa mot sjøen i vest og fattigare skog/kulturmark i aust, kulturmark i sør og litt meir diffust mot mindre interessant skog i nord.

**Naturgrunnlag:** Det er snakk om ein bratt og noko grunnlendt skråning med bergvegger og små hyller.

**Naturtypar:** Dels er det snakk om kusymre-almeskog og dels storfrytle-dominert og litt fattigare skogtyper. Rik edellauvskog er likevel naturleg naturtype.

**Påverknad:** Lokaliteten ligg nokså innklemt mellom sjøen og meir kulturpåverka mark, og det er naust rett på nedsida, samt at det går sti ned til nausta gjennom lokaliteten. Skogen har sikkert vore til dels hardt utnytta tidlegare, og det er nå middelaldrande tre og lite daudt trevirke her.

**Artsmangfald:** Viktige treslag er lind og eik, samt litt av t.d. selje. Karplantefloraen virker elles ikkje så rik, men det er noko ramslauk. Av lav finst litt artar frå lungenever-samfunnet (mest på berg men og litt på tre), som kystnever og blyhinnelev, samt truleg sparsamt med kystblåfiltlav (NT).

**Verdsetting:** Lokaliteten får verdi viktig (B), både fordi det truleg veks ein raudlisteart her, men også fordi det er stadvis lindedominert skog.

#### Forslag til skjøtsel og hensyn:

For naturverdiane er det særleg viktig å unngå hogst av varmekjære, naturlege treslag som lind og eik. Også andre inngrep som nedbygging er negativt. Ein bør elles unngå forsøpling, inkludert dumping av hageavfall. Innførte, framande artar som platanlønn og granartar, er det berre positivt om vert fjerna.

#### Karplanteregistreringer på lokaliteteten (totalt 5 registreringer):

Hassel	06.05.2006
Kusymre	06.05.2006
Lind	06.05.2006
Ramslauk	06.05.2006
Sommareik	06.05.2006

#### Registreringer av andre artar på lokaliteteten (totalt 6 registreringer):

<i>Metzgeria conjugata</i>	Kystband	Levermoser	
<i>Degelia atlantica</i>	Kystblåfiltlav	Busk- og bladlav	Sårbar (VU)
<i>Leptogium cyanescens</i>	Blyhinnelev	Busk- og bladlav	
<i>Lobaria virens</i>	Kystnever	Busk- og bladlav	
<i>Lobaria pulmonaria</i>	Lungenever	Busk- og bladlav	
<i>Lobaria scrobiculata</i>	Skrubbenever	Busk- og bladlav	

# Naturtyper i Sund

## Miljøfaglig Utredning AS

### 8 Steinsland 3

Sund kommune, 1245

UTM: EUREF89 32VKM, Ø: 825, N: 813

**Naturtype:** Rik edellauvskog F01  
**Utforming:** Alm-lindskog F0105  
**Verdi:** Svært viktig A  
**Vegetasjon:** Ikke registrert  
**Vernestatus:** Ingen vernestatus  
**Trusler:** Forurensing &  
**Feltsjekk:** 06.05.2006 (siste)



#### Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 27.03.2007, ut frå eigen tur 06.05.2006:

**Lokalisering:** Lokaliteten ligg søraust på Sotra, like nordaust for Toftøya, i ein bratt vestvendt skråning ned mot sjøen, med busetnad på oversida. Lokaliteten er skarpt avgrensa mot sjøen i vest og plantefelt og kulturmark i aust, litt meir diffust mot fattigare skog i nord og sør.

**Naturgrunnlag:** Det er snakk om ein bratt og noko grunnlendt skråning med bergvegger og noko rasmark.

**Naturtypar:** For det meste er det snakk om ein ganske rein kusymre-almeskog, men med dominans av lind i tresjiktet. Dette gjeld særleg søndre del, medan nordre del er litt fattigare med meir gras og storfrytle.

**Påverknad:** Lokaliteten ligg nokså innklemt mellom sjøen og meir kulturpåverka mark/plantefelt, og det er litt forsøpling som har kome ned frå oversida i skogen. Skogen ber elles preg av å ha vore lite utnytta ei tid nå, men har sikkert vore hardare brukt før. Det er litt daude tre.

**Artsmangfald:** Medan lind dominerar i tresjiktet, så dominerar ramslauk på bakken (særleg i søndre del). Det er også innslag av eik. I tillegg finst andre varmekjære artar som kusymre og tannrot. Lungenever-samfunnet veks på bergveggar og dels trestammar, med typiske artar som kystnever, buktporelav, sølvnever og rund porelav.

**Verdsetting:** Lokaliteten får verdi svært viktig (A), sjølv om det er lite raudlisteartar som er funne. Det er likevel snakk om ein velutvikla lindskog med klart potensiale for ulike raudlisteartar.

#### Forslag til skjøtsel og hensyn:

For naturverdiane er det særleg viktig å unngå hogst av varmekjære, naturlege treslag som lind og eik. Også andre inngrep som nedbygging er negativt. Det er elles viktig å unngå forsøpling, inkludert dumping av hageavfall. Innførte, framande artar som platanlønn og granartar, er det berre positivt om vert fjerna.

#### Karplanteregistreringer på lokaliteteten (totalt 6 registreringer):

Kusymre	06.05.2006
Lind	06.05.2006
Myske	06.05.2006
Ramslauk	06.05.2006
Sommareik	06.05.2006
Tannrot	06.05.2006

#### Registreringer av andre artar på lokaliteteten (totalt 8 registreringer):

<i>Metzgeria conjugata</i>	Kystband	Levermoser
<i>Degelia plumbea</i>	Vanlig blåfiltlav	Busk- og bladlav
<i>Leptogium cyanescens</i>	Blyhinnelev	Busk- og bladlav
<i>Lobaria amplissima</i>	Sølvnever	Busk- og bladlav
<i>Lobaria virens</i>	Kystnever	Busk- og bladlav
<i>Lobaria pulmonaria</i>	Lungenever	Busk- og bladlav
<i>Sticta sylvatica</i>	Buktorelav	Busk- og bladlav

# Naturtyper i Sund

## Miljøfaglig Utredning AS

### 8 Steinsland 3

---

*Sticta fuliginosa*

Rund porelav

Busk- og bladlav

# Naturtyper i Sund

## Miljøfaglig Utredning AS

### 9 Sautjørna aust

Sund kommune, 1245

UTM: EUREF89 32VKM, Ø: 8504, N: 8459

**Naturtype:** Rik edellauvskog F01  
**Utforming:** Alm-lindeskog F0105  
**Verdi:** Svært viktig A  
**Vegetasjon:** Ikke registrert  
**Vernestatus:** Ingen vernestatus  
**Trusler:** Masseuttak/utfylling & Skogbruksdrift  
**Feltsjekk:** 07.05.2006 (siste)



#### Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 28.03.2007, ut frå eigen tur 07.05.2006:

**Lokalisering:** Lokaliteten ligg heilt inntil vegen mellom Klokkarvik og Trengereid, i ein bratt vestvendt skråning. Lokaliteten er skarpt avgrensa mot vegen i nedkant, og litt diffust mot anna, fattigare skog på andre kanter.

**Naturgrunnlag:** Lokaliteten er berglendt, men og med parti med noko betre jordsmonn, truleg ein del brunjord. Nokre artsfunn tyder på litt svakt kalkrike berg.

**Naturtypar:** Ut frå einskilde artsfunn er det truleg snakk om ein liten rest av alm-lindeskog, i overgang mot lågurtskog.

**Påverknad:** Vegen har teke vekk nedre delar av lokaliteten, og ført til gradvis utrasing i overkant. Over tid trugar nok dette inngrepet enda meir av lokaliteten. Det er elles snakk om eldre skog men utan dautd trevirke av særleg omfang.

**Artsmangfald:** To eldre lindetre og ei eik veks her, samt litt hasselkratt. I tillegg er det litt kusymre og skogsvingel (vaks sparsamt ned mot vegen, nær det eine lindetreet. Dette er truleg ein ganske sjeldsynt art i distriktet) her, men storfrytle dominerar. Av lav så veks det litt blyhinnelav og kystnever på berg, samt også den sterkt truga arten kystprikklav (EN).

**Verdsetting:** Lokaliteten får verdi svært viktig (A), sidan ein høgt raudlista lavart veks her. Hadde det ikkje vore for den ville nok verdien vorte sett noko lågare (B eller C).

**Forslag til skjøtsel og hensyn:**

Det beste for naturverdiane er å la skogen få stå i fred. Vegrensking/rassikring må berre utførast med største varsemd, og under oppsyn av biolog med kunnskap om naturverdiane, da det lett kan øydeleggje verdiane her.

#### Karplanteregistreringer på lokaliteteten (totalt 5 registreringer):

Hassel	07.05.2006
Kusymre	07.05.2006
Lind	07.05.2006
Skogsvingel	07.05.2006
Sommareik	07.05.2006

#### Registreringer av andre arter på lokaliteteten (totalt 3 registreringer):

<i>Leptogium cyanescens</i>	Blyhinnelav	Busk- og bladlav	
<i>Nephroma laevigatum</i>	Kystvrenge	Busk- og bladlav	
<i>Pseudocyphellaria norvegica</i>	Kystprikklav	Busk- og bladlav	Sterkt truet (EN)

# Naturtyper i Sund

## Miljøfaglig Utredning AS

### 10 Sautjørna sør

Sund kommune, 1245

UTM: EUREF89 32VKM, Ø: 849, N: 843

**Naturtype:** Kystfuruskog F12  
**Utforming:** Fuktige furu-hasselskoger F1203  
**Verdi:** Svært viktig A  
**Vegetasjon:** Ikke registrert  
**Vernestatus:** Ingen vernestatus  
**Trusler:** Skogbruksdrift &  
**Feltsjekk:** 06.05.2006 (siste)



#### Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 28.03.2007, ut frå eigen tur 06.05.2006:

**Lokalisering:** Lokaliteten ligg på sørsida av Sautjørna, litt vest vegen mellom Klokkarvik og Trengereid. Den omfattar ein liten nordvendt dal, samt litt ller på sørsida av Sautjørna. Lokaliteten er skarpt avgrensa mot granplantefelt i nordvest, ganske klart avgrensa mot berghamre og fattigare skog i aust, medan det er meir diffus grense mot gradvis fattigare og mindre lavrik skog i sør og vest.  
**Naturgrunnlag:** Det er litt berghamre og rasmark i aust. I dalbotna er det berre eit fuktsig. Elles er det truleg til dels djup jord i dalen.

**Naturtypar:** Det er snakk om ein hasselrik furuskog, der det meste nok høyrer til vegetasjonstypen blåbærskog, og dels røsslyngfuruskog i kantsoner. Det er berre tendensar til rikare lågurtskog i den austre lia med m.a. litt kusymre. Som naturtype kan den trygt plasserast som ein fuktig, hasselrik utforming av kystfuruskog.

**Påverknad:** Skogen må nå for det meste reknast som middelaldrande, men med ein del kraftige, gamle hasselkratt og litt eldre furu. Det er sparsamt med daudt trevirke og truleg dårleg kontinuitet både i gamle og daude tre. Det kan virke som om lokaliteten har vore skogkledd i lengre tid og kanskje unngått den verste avskoginga tidlegare. Det ligg ei lita granplanting ned mot tjørna innafor lokaliteten. Ein enkel skogsveg (dels attgrodd) går inn i lokaliteten frå sør.

**Adrtsmangfald:** Karplantefloraen er ikkje særleg rik, og berre hassel og kusymre vart funne av litt meir kravfulle artar. Furu er som sagt dominerande treslag, men det finst også litt bjørk og spredte rognetre. Det er heller ikkje så mykje busk- og bladlav på trea (berre så vidt funn av buktporelav), men på hasselstammene så veks det fleire stader ein del kystbundne og fuktkrevjande skorpelav. Mellom desse er vanleg rurlav, gul pærelav (NT) og den sjeldsynte og sterkt truga arten stjernerurlav (EN). Truleg veks det fleire sjeldsynte skorpelav på hassel her som enda ikkje er artsbestemt.

**Verdsetting:** Lokaliteten får verdi ein klar verdi som svært viktig (A), både fordi ein høgt raudlista lavart veks her, men også fordi den og fleire andre lavartar viser at det er snakk om ein ganske velutvikla boreonemoral regnskog.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det beste for naturverdiane er å la skogen få stå stort sett i fred. Særleg flatehogst, treslagsskifte og hogst av hassel er negativt. Forsiktig husdyrbeite kan vere positivt.

#### Karplanteregistreringer på lokaliteteten (totalt 2 registreringer):

Hassel	06.05.2006
Kusymre	06.05.2006

#### Registreringer av andre artar på lokaliteteten (totalt 5 registreringer):

<i>Normandina pulchella</i>	Muslinglav	Busk- og bladlav	
<i>Siecta sylvatica</i>	Buktporelav	Busk- og bladlav	
<i>Pyrenula harrisii</i>		Skorpelav	
<i>Thelotrema petractoides</i>		Skorpelav	Sterkt truet (EN)
<i>Thelotrema lepadinum</i>		Skorpelav	

# Naturtyper i Sund

## Miljøfaglig Utredning AS

### 11 Børnesskogen nord for Klokkarvik

Sund kommune, 1245

UTM: EUREF89 32VKM, Ø: 850, N: 840

**Naturtype:** Kystfuruskog F12

**Utforming:**


**Verdi:** Viktig B

**Vegetasjon:** Ikke registrert

**Vernestatus:** Ingen vernestatus

**Trusler:** Skogbruksdrift &

**Feltsjekk:** 06.05.2006 (siste)



#### Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 28.03.2007, ut frå gamal Naturbase (nummer 1245-01200) og eigen tur 06.05.2006:

**Lokalisering:** Lokaliteten ligg mellom Langvatnet og vegen mellom Klokkarvik og Trengereid, kanskje 2 km nordvest for Klokkarvik. Det er snakk om eit litt småkupert og skogkledt landskap. Lokaliteten er heller diffust avgrensa mot yngre skog i nord og vest, dels granplantefelt, samt vegen i aust. Det er skilt ut to lokalitetar (nr 1 og 10) som eigne lokalitetar innafor dette området (begge som fuktige furu-hasselskogar).

**Naturgrunnlag:** Terrenget er skiftande med små dalganger, åskoller og lisider. Det er fleire berghamre, men ikkje så store. Berre små fuktig i dalgangene, ikkje bekker av noko omfang.

**Naturtypar:** Det er for det meste snakk om røssløng-furuskog. Lokalt er det også innslag av blåbærskog og lågurtskog (sistnemnde for det meste innafor dei avgrensa delområda). Som naturtype er kystfuruskog korrekt, utan at ein her har plassert den i nokon klar utforming.

**Påverknad:** Lokaliteten er i første rekkje med her fordi det er snakk om ein,relativt sett, ganske stor og samanhengjande førekomst av eldre furuskog, noko som er sjeldsynt så langt vest. Det er nok ikkje noko kontinuitet i dautt trevirke her, sjølv om det no finst litt gadd, men det kan ha vore ein svak kontinuitet i gamle furutre kanskje. Truleg er dei fleste større furutrea no mellom 100 og 150 år, men det kan også vere eldre tre på 200-300 år her. Området har sikkert vore ganske hardt utnytta tidlegare. Det er også innslag av granplantefelt, men dei fleste av desse er trekt utafør lokaliteten (mykje slike i sør). Tidlegare har det sikkert vore mykje husdyrbeite her, men det gror nå att. Det går nokre stiar/traktorvegar inn mot og dels inn i området.

**Adrtsmangfald:** Innafor dei to utskilte delområda er det funne fleire raudlista lavartar, til dels truga artar. I resten av området er slike artar ikkje funne, men ut frå gamal naturbase skal det hekke fleire kravfulle og dels raudlista fugleartar typisk for gamal kystskog her. Av treslag så dominerar furu, og det er elles litt bjørk, rogn og osp. I busksjiktet er det mykje einer.

**Verdsetting:** Lokaliteten får verdi som viktig (B), fordi det er ein ganske stor og rimelig intakt kystfuruskog i eit distrikt der slike er sjeldsynte.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det beste for naturverdiane er å la skogen få stå stort sett i fred. Særleg flatehogst, treslagsskifte og hogst av hassel er negativt. Forsiktig husdyrbeite kan vere positivt.

# Naturtyper i Sund

## Miljøfaglig Utredning AS

### 12 Langamyra sør for Langvatnet

Sund kommune, 1245

UTM: EUREF89 32VKM, Ø: 851, N: 833

**Naturtype:** Intakt lavlandsmyr

**Utforming:**


**Verdi:** Lokalt viktig C

**Vegetasjon:** Ikke registrert

**Vernestatus:** Ingen vernestatus

**Trusler:** Drenering/gjenfylling &

**Feltsjekk:** 06.05.2006 (siste)



#### Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 28.03.2007, ut frå eigen tur 06.05.2006:

**Lokalisering:** Lokaliteten ligg i ein open liten dal sør for Langvatnet, og noko nordvest for Klokkarvik. Den er ganske skarpt avgrensa mot fastmark i aust og vest, litt meir diffust mot tørrare mark i nord og sør.

**Naturgrunnlag:** Det er snakk om jordvassmyr i eit landskap med mest fattig berggrunn. Småputtene virker grunne, og helst tørker ein god del ut i periodar.

**Naturtypar:** Myra verkar ganske gjennomført fattig. Det meste er fastmattemyr, men det er også fleire småputter og innslag av både mjukmatte- og lausbotnmyr.

**Påverknad:** Lokaliteten er registrert fordi myra verkar ganske intakt og er lite prega av grøfting. Nokre små stikkrenner kjem likevel ut frå den enkle traktorvegen på vestsida av myra (går langs det meste av myra).

**Artsmangfald:** Det vart ikkje funne spesielt kravfulle planteartar her, berre trivelle artar som røsslyng og klokkelyng. I mjukmattene veks litt kvitmyrak. Ellers så vidt flaskestorr.

**Verdsetting:** Lokaliteten får inntil vidare berre verdi lokalt viktig (C) (arealet kan evt. tilseie litt høgare verdi), sidan ingen spesielt kravfulle eller sjeldsynte artar eller vegetasjonstypar er kjent.

**Forslag til skjøtsel og hensyn:**

Det beste for naturverdiane er å la myra få ligge heilt i fred for inngrep. Særleg grøfting på og i kanten av myra er uheldig, men også tilplanting av gran i kantsonane.



# Naturtyper i Sund

## Miljøfaglig Utredning AS

### 13 Dommedalsvatnet sør

Sund kommune, 1245

UTM: EUREF89 32VKM, Ø: 849, N: 848

**Naturtype:** Rik edellauvskog F01  
**Utforming:** Rike hasselkratt F0103  
**Verdi:** Lokalt viktig C  
**Vegetasjon:** Ikke registrert  
**Vernestatus:** Ingen vernestatus  
**Trusler:** Skogbruksdrift &  
**Feltsjekk:** 07.05.2006 (siste)



#### Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 28.03.2007, ut frå eigen tur 07.05.2006:

**Lokalisering:** Lokaliteten ligg på austsida av den vesle dalen sør for Dommedalsvatnet, aust for vegen mellom Klokkevik og Trengereid. Den omfattar delar av den vestvendte skråninga. Lokaliteten er litt diffust avgrensa mot fattigare skog.

**Naturtypar:** Det er snakk om ein ganske svakt utvikla lågurtskog der hassel dominerar.

**Påverknad:** Hasselkratta og skogen er berre ung til middelaldrande, truleg utan kontinuitet i gamle tre eller daudt trevirke. Miljøet ber preg av å ha stått i kanten av eit tidlegare åpent landskap med enger og beitemarker, men som nå gror att. Det vert hogd litt ved her, til nokre hus/hytter inntil lokaliteten truleg. Det er også planta litt gran her.

**Adrtsmangfald:** Utanom hassel og kusymre vart det ikkje funne interessante planter her. Mangfaldet av lav er også dårleg, og det vart berre så vidt funne vanleg blåfiltlav på ein hasselstamme.

**Verdsetting:** Lokaliteten får berre verdi lokalt viktig (C), sidan ingen raudlisteartar eller andre spesielt kravfulle artar er funne, samtidig som lokaliteten er ganske liten, mykje påverka og ikkje særleg rik. Slike hasselkratt er likevel ikkje vanlege i distriktet og bør takast vare på.

**Forslag til skjøtsel og hensyn:**

Det beste for naturverdiane er å la skogen få stå stort sett i fred. Særleg flatehogst, treslagsskifte og hogst av hassel er negativt. Forsiktig husdyrbeite kan vere positivt.

#### Karplanteregistreringer på lokaliteteten (totalt 2 registreringer):

Hassel	07.05.2006
Kusymre	07.05.2006

#### Registreringer av andre arter på lokaliteteten (totalt 1 registreringer):

<i>Degelia plumbea</i>	Vanlig blåfiltlav	Busk- og bladlav
------------------------	-------------------	------------------

# Naturtyper i Sund

## Miljøfaglig Utredning AS

### 14 Bjelkarøyna: Naustneset

Sund kommune, 1245

UTM: EUREF89 32VKM, Ø: 908, N: 845

**Naturtype:** Hagemark D05  
**Utforming:** Eikehage D0503  
**Verdi:** Lokalt viktig C  
**Vegetasjon:** Ikke registrert  
**Vernestatus:** Ingen vernestatus  
**Trusler:** Skogbruksdrift & Nedbygging  
**Feltsjekk:** 10.10.2006 (siste)



#### Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 29.03.2007, ut frå eigen tur 10.10.2006:

**Lokalisering:** Lokaliteten ligg på austsida av Bjelkarøyna, like nord for ferjeleiet der. Den er noko diffust avgrensa mot mark med mindre innslag av store eiketre.

**Naturtypar:** Det er snakk om eit kulturlandskap med spredte boligtomter og attgroande engsamfunn, der det også står spredte, store og middelaldrande eiketre (i alt 10-15 tre sett) og små eikeholt. Engene har vore noko oppgjødsla, medan det truleg for det meste er snakk om sterkt beitemodifisert blåbæreikeskog eller fattig lågurteikeskog. Ingen av eiketrea såg ut til å ha hulrom eller grov sprekkedekning.

**Påverknad:** Dette er eit gammalt kulturlandskap, men der den tradisjonelle drifta har opphøyrd heilt. Frå å vera eit variert landskap med spredte gardsbruk, enger, beitemark og glissen skogsmark, går det gradvis over til å bli boligtomter omgjeve av meir eller mindre tett skog.

**Adrtsmangfald:** Det vart ikkje funne spesielt interessante artar tilknyttta eiketrea. Dei verkar enda litt for unge (truleg under 200 år gamle) til å vera levestad for sjeldsynte og raudlista trelevande sopp eller lav. På sikt er det eit potensial for slike.

**Verdsetting:** Lokaliteten får berre verdi lokalt viktig (C), sidan ingen raudlisteartar eller andre spesielt kravfulle artar er funne. Bestand med ganske gamle eiketre i eit halvøpe landskap er likevel uansett interessante og verdt å ta vare på.

#### Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det viktigaste for naturverdiane er å spare alle middelaldrande og gamle eiketre, og la de få stå og bli store, gamle og dø i fred, utan hogst av greiner eller stammer. Det er ein fordel om trea ikkje vert ståande for tett. Beite, slått, plenklipp m.v. er ein fordel under trea. Det same gjeld rydding av kratt og andre treslag inntil.

# Naturtyper i Sund

## Miljøfaglig Utredning AS

### 15 Bukken

Sund kommune, 1245

UTM: EUREF89 32VKM, Ø: 8967, N: 8446

**Naturtype:** Parklandskap D13

**Utforming:** Parker D1302

**Verdi:** Svært viktig A

**Vegetasjon:** Ikke registrert

**Vernestatus:** Ingen vernestatus

**Trusler:** Nedbygging & Fjerning av døde trær

**Feltsjekk:** 10.10.2006 (siste)



#### Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 29.03.2007, ut frå herbarieopplysningar og eigen tur 10.10.2006:

**Lokalisering:** Lokaliteten ligg i austre del av kommunen, og omfattar store delar av Bukken, eit gammalt, historisk kjent handelssenter på ei lita øy i innseilingsleia til Bergen. Lokaliteten omfattar store delar av øya, med unntak av nokre meir opne strandberg og husa ved havna på austsida.

**Naturtypar/påverknad:** Det er snakk om eit gammalt kulturlandskap tilknytt ein tradisjonell handelsstad/herskapshus. Kulturpåverknaden er difor både omfattande, langvarig, variert og truleg med mange særtrekk. Øya er småkupert med nokre berghamre. På vestsida er det tilrettelagt for ein liten badeplass i ei bukt, og det går ein sti/allé derifrå og aust til sjølve handelsstaden og havna.

**Adrtsmangfald:** Karplantefloraen er truleg ikkje særleg interessant her i ein naturmangfoldsamheng (evt. sjeldsynte artar er nok for det meste innført). Derimot er det ein ganske rik lavflora på gamle edellauvtre og berghamre. Fleire fagfolk har vore her opp gjennom åra og funne det meste av desse. Av størst interesse er ein sparsam førekomst av gullprikkklav (VU), som seinast vart funne med nokre få eksemplar på eitt tre i 1993 av Tor Tønsberg og J. Holtan-Hartvig. Dei fann samtidig att kystblåfiltlaven (NT) i ganske god bestand på fleire tre. Elles finst ulike artar neverlav, porelav m.m. Kystblåfiltlav vart også sett i 2006, medan gullprikkklav ikkje vart attfunne. Lungenever-samfunnet er best utvikla rundt den vesle bukta i vest, og til dels langs alléen mot aust, men finst også rundt hovedbygningene og ellers på øya.

**Verdsetting:** Lokaliteten får verdi svært viktig (A), sidan ein regionalt svært sjeldsynt og sterkt truga art (dette er ein av dei siste attverande (den siste?) lokalitetane for gullprikkklav i Hordaland), som samtidig er nasjonalt høgt raudlista. Også den rike lavfloraen for øvrig tilseier ein ganske høg verdi.

**Forslag til skjøtsel og hensyn:**

Det viktigaste for naturverdiane er å halde på eit halvope landskap med stort innslag av gamle edellauvtre, ikkje minst av ask. Platanlønn og rododendron kan med fordel på sikt fjernast heilt, men ein bør vise varsemd og ikkje ta alle gamle tre på ein gong. Ein bør renske bergveggar for mose, men ikkje for lav år om anna. Ytterlegare bygging av vegar, hus, badeplassar m.v. er klart negativt. Ein bør unngå at det veks for tett med skog på øya.

#### Karplanteregistreringer på lokaliteteten (totalt 1 registreringer):

Ask

10.10.2006

#### Registreringer av andre artar på lokaliteteten (totalt 8 registreringer):

<i>Degelia atlantica</i>	Kystblåfiltlav	Busk- og bladlav	Sårbar (VU)
<i>Lobaria pulmonaria</i>	Lungenever	Busk- og bladlav	
<i>Lobaria scrobiculata</i>	Skrubbenever	Busk- og bladlav	
<i>Lobaria amplissima</i>	Sølvnever	Busk- og bladlav	
<i>Pseudocyphellaria crocata</i>	Gullprikkklav	Busk- og bladlav	Sårbar (VU)
<i>Sticta limbata</i>	Grynporelav	Busk- og bladlav	
<i>Sticta sylvatica</i>	Buktporelav	Busk- og bladlav	
<i>Sticta fuliginosa</i>	Rund porelav	Busk- og bladlav	

# Naturtyper i Sund

## Miljøfaglig Utredning AS

### 16 Marieholmen

Sund kommune, 1245

UTM: EUREF89 32VKM, Ø: 8951, N: 8425

**Naturtype:** Andre viktige forekomster

**Utforming:**

**Verdi:** Viktig B

**Vegetasjon:** Ikke registrert

**Vernestatus:** Ingen vernestatus

**Trusler:** Gjengroing & Skogbruksdrift

**Feltsjekk:** 10.10.2006 (siste)



#### Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 29.03.2007, ut frå herbarieopplysningar og eigen tur 10.10.2006:

**Lokalisering:** Lokaliteten ligg på nordsida av Marieholmen, ei lita øy mellom Bukken og Lerøyna. Den omfattar den nordvestendte delen av øya, samt eit parti nordøst, og er ganske skarpt avgrensa mot den fattigare furuskogen sentralt på øya.

**Naturtypar:** Det har vore planta litt gran oppe på øya, men i kantsonane mot sjøen er det noko yngre lauvskog med selje og osp. Som naturtype høyrer nok lokaliteten best innunder "nordvendte kystberg", men heilt enkel å plassere er han ikkje.

**Påverknad:** Øya har nok vore hardt utnytta til hogst m.v. og kan godt ha vore bortimot snau før. Det verkar ikkje som om det har stått hus her (på lenge), og om det har vore beita før (helst så har det det) er heller ikkje kjent. Nå står det noko middelaldrande furu (kanskje planta) på øya og det er litt preg av langt komen attgroing.

**Adrtsmangfald:** Karplantefloraen er ikkje særleg interessant, men omfattar m.a. litt vivendel. Eilif Dahl vitja øya i 1946 og fann da m.a. sølvnever, ein kravfull lavart som vart attfunne i 2006, saman med m.a. lungenever, skrubbenever, buktporelav og vrenge-artar. I ein bratt berghammar på nordvestsida var det eit fuglereir, kanskje ravn.

**Verdsetting:** Lokaliteten får verdi viktig (B), under noko tvil. Ingen raudlisteartar er funne, men det er eit potensial for slike, noko dei veluvikla lungenever-samfunna på berg med innslag av sølvnever indikerar.

**Forslag til skjøtsel og hensyn:**

Det beste for naturverdiane er å halde på eit halvåpent landskap med ein del lauvkratt og eldre lauvtre, samtidig som ein unngår for tett skog og attgroing med gran, furu m.v.

#### Karplanterregistreringer på lokaliteteten (totalt 2 registreringer):

Kristtorn	10.10.2006
Vivendel	10.10.2006

#### Registreringer av andre artar på lokaliteteten (totalt 4 registreringer):

<i>Lobaria pulmonaria</i>	Lungenever	Busk- og bladlav
<i>Lobaria scrobiculata</i>	Skrubbenever	Busk- og bladlav
<i>Lobaria amplissima</i>	Sølvnever	Busk- og bladlav
<i>Sticta sylvatica</i>	Buktporelav	Busk- og bladlav

# Naturtyper i Sund

## Miljøfaglig Utredning AS

### 17 Skarpaneset

Sund kommune, 1245

UTM: EUREF89 32VKM, Ø: 8920, N: 8396

**Naturtype:** Rik edellauvskog F01  
**Utforming:** Rike hasselkratt F0103  
**Verdi:** Viktig B  
**Vegetasjon:** Ikke registrert  
**Vernestatus:** Ingen vernestatus  
**Trusler:** Skogbruksdrift & Gjengroing  
**Feltsjekk:** 10.10.2006 (siste)



#### Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 31.03.2007, ut frå eigen tur 10.10.2006:

**Lokalisering:** Lokaliteten ligg nordaust på Lerøyna, ute på ei lita halvøy der. Den omfattar mykje av halvøya, inn til der granplantefelt og fattigare furuskog tek over. Det er litt diffus overgang mot fattigare furuskog og plantefelt. Berre nordvestre del vart oppsøkt, medan austre del vart betrakta på avstand frå båt.

**Naturtypar:** Dette er ei litt småkupert halvøy med mykje røsslyngfuruskog, men også fleire innslag av lågurtprega hasselkratt (både i nordvest og på austsida). Det kan diskuterast om kystfuruskog av utforming hasselrik furuskog kunne vore like riktig naturtype.

**Påverknad:** Halvøya ber preg av å vera i attgroing og skogen er ganske ung. Det verkar likevel sannsynleg at det må ha vore einskilde hasselkratt her i lengre tid.

**Adrtsmangfald:** Karplantefloraen er ikkje særleg rik, men omfattar edellauvskogsartar som kusymre og sanikel. Eit par indikatorartar for rike hasselkratt av markboande sopp vart funne (honningvokssopp og marsipankremle, og traktkremle). Lungenever-samfunnet verkar middels godt utvekla, med artar som lungenever, buktporelav og blåfiltlav.

**Verdsetting:** Lokaliteten får verdi viktig (B), sidan det er innslag av ganske rike hasselkratt med signalartar både blant karplanter, lav og sopp, og med eit lite potensiale for raudlisteartar.

**Forslag til skjøtsel og hensyn:**

Det beste for naturverdiane er å halde på eit halvåpent landskap med ein del lauvkratt og eldre lauvtre, samtidig som ein unngår for tett skog og attgroing med gran, furu m.v.

#### Karplanterregistreringer på lokaliteteten (totalt 3 registreringer):

Hassel	10.10.2006
Kusymre	10.10.2006
Sanikel	10.10.2006

#### Registreringer av andre artar på lokaliteteten (totalt 6 registreringer):

<i>Degelia plumbea</i>	Vanlig blåfiltlav	Busk- og bladlav
<i>Lobaria scrobiculata</i>	Skrubbenever	Busk- og bladlav
<i>Lobaria pulmonaria</i>	Lungenever	Busk- og bladlav
<i>Sticta sylvatica</i>	Buktporelav	Busk- og bladlav
<i>Hygrocybe reidii</i>	Honningvokssopp	Sopp
<i>Russula grata</i>	Marsipankremle	Sopp

# Naturtyper i Sund


## Miljøfaglig Utredning AS

### 18 Steinsland øst

Sund kommune, 1245

UTM: EUREF89 32VKM, Ø: 830, N: 807

**Naturtype:** Hagemark D05  
**Utforming:** Eikehage D0503  
**Verdi:** Lokalt viktig C  
**Vegetasjon:** Ikke registrert  
**Vernestatus:** Ingen vernestatus  
**Trusler:** Gjengroing & Nedbygging  
**Feltsjekk:** 10.10.2006 (siste)



#### Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 31.03.2007, ut frå eigen tur 10.10.2006. Lokaliteten er også kort omtala i gamal Naturbase (lok.nr. 124500400).

**Lokalisering:** Lokaliteten ligg på Steinsland, på austsida av vegen gjennom bygda. Den ligg i eit småkupert kulturlandskap der søkka er oppdyrka enger, medan det står att skog på dei små kollene. Lokaliteten er ganske skarpt avgrensa mot engmark, samt nokre bustadtomter.

**Naturtypar:** Truleg har det vore ein del lågurt- og blåbærskog her, kanskje også innslag av rikare edellauvskog, men miljøet er sterkt prega av tidlegare langvarig beite, og ulike beitetilknytta grasarter dominerar nå i feltsjiktet. Sjølv om miljøet gror att og går gradvis over mot naturtypar som gammal eikeskog og rik edellauvskog, verkar det fortsatt riktig å bruke eininga "hagemark" om naturtypen.

**Påverknad:** Bortsett frå tidlegare tradisjonell kulturbruk (beite, kanskje litt slått, hogst av ved m.v.), så er ikkje området særleg prega av nyare inngrep, men eit par bolighus i ytterkantane er prøvd trekt ut av lokaliteten. Hagemarka er nå prega av middelaldrande eiketre, ein del hasselkratt og litt halvgammal bjørk og osp. Det er lite daudt trevirke.

**Adrtsmangfald:** Karplantefloraen er ikkje særleg rik. Grasartar som lodnegras, samt storfrytler dominerar. Det er lite naturengplantar. Lind finst sparsamt. Lungenever-samfunnet er svakt utvekla, med artar som lungenever og kystnever.

**Verdsetting:** Lokaliteten får under tvil berre verdi lokalt viktig (C), sidan det er i attgroing og utan funn av spesielt kravfulle eller raudlista artar. Betre undersøkingar av marklevende sopp eller oppatt-taking av beitet kan føre til høgare verdi. Lokaliteten hadde for øvrig same verdi i gamal Naturbase.

#### Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det viktigaste for naturverdiane er å spare alle middelaldrande og gamle tre av eik og lind, og la de få stå og bli store, gamle og dø i fred, utan hogst av greiner eller stammer. Ein bør også spare nokre hasselkratt og ospetre. Det er ein fordel om trea ikkje vert ståande for tett. Det hadde vore ein stor fordel om beitet vart meir omfattande. Noko rydding av lauvkratt er også ein fordel.

#### Karplanteregistreringer på lokaliteteten (totalt 3 registreringer):

Hassel	10.10.2006
Lind	10.10.2006
Sommareik	10.10.2006

#### Registreringer av andre artar på lokaliteteten (totalt 2 registreringer):

<i>Lobaria virens</i>	Kystnever	Busk- og bladlav
<i>Lobaria pulmonaria</i>	Lungenever	Busk- og bladlav

# Naturtyper i Sund

## Miljøfaglig Utredning AS

### 19 Kausland aust

Sund kommune, 1245

UTM: EUREF89 32VKM, Ø: 8132, N: 8308

**Naturtype:** Naturbeitemark D04

**Utforming:**


**Verdi:** Viktig B

**Vegetasjon:** Ikke registrert

**Vernestatus:** Ingen vernestatus

**Trusler:** Gjengroing & Nedbygging

**Feltsjekk:** 10.10.2006 (siste)



#### Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 31.03.2007, ut frå eigen tur 10.10.2006:

**Lokalisering:** Lokaliteten ligg på Kausland, på austsida av vegen gjennom bygda. Det er snakk om eit litt småkupert landskap med eng- og beitebakkar. Det er ganske skarpt avgrensa mot skogsmark, sjøen og anna innmark mot alle kantar. Eit lite parti med plen/inngjerdta hage er inkludert i området i sør.

**Naturtypar:** Det er berre så vidt innslag av litt rikare jordnøtt-kystgrisyre-eng, medan det meste er fattig fukteng, dels finnskjeggutforming. Noko er også meir oppgjødsla og næringsrikare eng. Naturtype naturbeitemark er forsåvidt korrekt nok, men innslaget av slåtteeeng (anslagsvis 30% av arealet) tilseier også at denne typen kunne vorte nytta (areal som blir slege verkar likevel såpass avgrensa at ein her har valt å ikkje setje inn dette).

**Påverknad:** Lokaliteten vert fortsatt halden i hevd med beite av sau. Beitetrykket er ikkje så dårleg, men kunne nok ha vore enda noko sterkare. I tillegg vert det slått litt på delar av engene (primært dei flatare partia i nord). Det er ulike gamle kulturspor her, som gamle steingjerde, små oppmura veger, oppmura bekk m.v., men lite av nyare inngrep innafor lokaliteten. Truleg har mykje av engmarka vore gjødsla, men det ser også ut til å vere parti som har fått tilført lite gjødsel (grunnlende bakker).

**Adrtsmangfald:** Karplantefloraen er ikkje særleg rik, men omfattar einskilde typiske naturengplantar som kystgrisyre, tepperot, knegras og hårsveve. I tillegg vart det funne 8 artar beitemarkssopp spredt på beitemarka, alle vanlege artar. Det er potensial for raudlista beitemarkssopp. I kantsonar veks det noko bjørk og rogn, og i ein sørvendt skråning i nord nokre hasselkratt.

**Verdsetting:** Lokaliteten får verdi viktig (B), sidan det er snakk om ein ganske velhalden eng der det meste blir beita, men også litt slått, samtidig som fleire artsfunn viser at det er snakk om gamal engmark som lokalt har vore lite gjødsla.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det beste for naturverdiane er å oppretthalde eit godt beitetrykk, og helst kombinert med slått slik som nå. Gjødsling bør ein helst unngå, ikkje minst på grunnlendte og tidlegare lite gjødsla parti. Noko rydding av tre og busker er naudsynt år om anna.

#### Karplanteregistreringer på lokaliteteten (totalt 6 registreringer):

Finnskjegg	10.10.2006
Hårsveve	10.10.2006
Knegras	10.10.2006
Kystgrisyre	10.10.2006
Smalkjempe	10.10.2006
Tepperot	10.10.2006

#### Registreringer av andre artar på lokaliteteten (totalt 8 registreringer):

<i>Clavulinopsis helvola</i>	Gul småkøllesopp	Sopp
<i>Hygrocybe psittacina</i>	Grønn vokssopp	Sopp
<i>Hygrocybe ceracea</i>	Skjør vokssopp	Sopp
<i>Hygrocybe reidii</i>	Honningvokssopp	Sopp
<i>Hygrocybe pratensis</i>	Éngvokssopp	Sopp

# Naturtyper i Sund

## Miljøfaglig Utredning AS

### 19 Kausland aust

---

<i>Hygrocybe pratensis</i>	Lug vokssopp	Sopp
<i>Hygrocybe conica</i>	Kjeglevokssopp	Sopp
<i>Hygrocybe laeta</i>	Seig vokssopp	Sopp
<i>Hygrocybe chlorophana</i>	Gul vokssopp	Sopp



# Naturtyper i Sund

## Miljøfaglig Utredning AS

### 20 Kvalvågen

Sund kommune, 1245

UTM: EUREF89 32VKM, Ø: 8449, N: 3641

**Naturtype:** Naturbeitemark D04

**Utforming:**

**Verdi:** Svært viktig A

**Vegetasjon:** Ikke registrert

**Vernestatus:** Ingen vernestatus

**Trusler:** Gjengroing & Gjødsling

**Feltsjekk:** 10.10.2006 (siste)



#### Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 31.03.2007, ut frå eigen tur 10.10.2006:

**Lokalisering:** Lokaliteten ligg inst i Kvalvågen, sør for Skogsvågen. Det er snakk om eit småkupert beitelandskap avgrensa av kulturmark og ein bygdeveg i aust og oppdyrka mark og sjøen i vest. Grensa mot nord er dårleg undersøkt (det vart ikke tid til å sjekke dette skikkeleg under registreringa).

**Naturtypar:** Det er snakk om mest friske engsamfunn, dels noko fattige utformingar med ein del finnskjegg og geitsvingel (særleg i vest) og dels noko rikare (overgang mot kystgrisøyre-jordnøtt-eng) i aust. Fragment av tørrbakkar finst også.

**Påverknad:** Lokaliteten vert halden godt i hevd med sauebeite mykje av året, og beitemarka er fint nedbeita. Grunneigar opplyste at tidlegare vart området beita av ku om sumaren og sau om vinteren (da åt kua graset, medan sauen tok mykje lyng). Ut frå artsmangfaldet kan ikkje engene har vore særleg mykje gjødsla.

**Adrtsmangfald:** Karplantefloraen er ikkje særleg rik, men omfattar typiske naturengplantar som finnskjegg, smalkjempe, kystmaure, geitsvingel og kornstorr. I tillegg er det ganske god førekomst av beitemarkssopp. I alt 19 artar vart påvist, inkludert raudlisteartar som ravneraudskivesopp, gulbrun narrevokssopp, mørkskjella vokssopp og raud honningvokssopp, alle med status NT. Det er godt potensial for fleire raudlisteartar her, truleg også truga artar.

**Verdsetting:** Lokaliteten får verdi svært viktig (A), sidan dette er ei uvanleg velhalden og samtidig relativt artsrik beitemark der det bør vere mogeleg å finne fleire sjeldsynte og raudlista artar.

**Forslag til skjøtsel og hensyn:**

Det beste for naturverdiane er å oppretthalde eit fortsatt godt beitetrykk. Gjødsling bør ein unngå. Noko rydding av tre og busker er naudsynt år om anna, men har inga hast.

#### Karplanteregistreringer på lokaliteteten (totalt 6 registreringer):

Finnskjegg	10.10.2006
Geitsvingel	10.10.2006
Hårsvæve	10.10.2006
Kornstorr	10.10.2006
Kystmaure	10.10.2006
Smalkjempe	10.10.2006

#### Registreringer av andre artar på lokaliteteten (totalt 19 registreringer):

<i>Camarophyllopsis schulzeri</i>	Gulbrun narrevokssopp	Sopp	Nær truet (NT)
<i>Clavaria falcata</i>	Hvit køllesopp	Sopp	
<i>Clavulinopsis helvola</i>	Gul småkøllesopp	Sopp	
<i>Entoloma poliopus</i>	Tjærerøds-kivesopp	Sopp	
<i>Entoloma sericellum</i>	Silkerøds-kivesopp	Sopp	
<i>Entoloma corvinum</i>	Ravnerøds-kivesopp	Sopp	Nær truet (NT)
<i>Entoloma exile</i>		Sopp	
<i>Entoloma caesiocinctum</i>		Sopp	

# Naturtyper i Sund

## Miljøfaglig Utredning AS

### 20 Kvalvågen

<i>Enchytraea caesiocinctum</i>		Sopp	
<i>Geoglossum umbratile</i>	Brunsvart jordtunge	Sopp	
<i>Hygrocybe cantharellus</i>	Kantarellvokssopp	Sopp	
<i>Hygrocybe laeta</i>	Seig vokssopp	Sopp	
<i>Hygrocybe reidii</i>	Honningvokssopp	Sopp	
<i>Hygrocybe conica</i>	Kjeglevokssopp	Sopp	
<i>Hygrocybe helobia</i>	Brunfnokket vokssopp	Sopp	
<i>Hygrocybe ceracea</i>	Skjør vokssopp	Sopp	
<i>Hygrocybe pratensis</i>	Éngvokssopp	Sopp	
<i>Hygrocybe splendidissima</i>	Rød honningsvokssopp	Sopp	Nær truet (NT)
<i>Hygrocybe turunda</i>	Mørkskjellet vokssopp	Sopp	Nær truet (NT)
<i>Mycena flavoalba</i>	Elfenbenshette	Sopp	

# Naturtyper i Sund

## Miljøfaglig Utredning AS

### 21 Kausland vest

Sund kommune, 1245

UTM: EUREF89 32VKM, Ø: 790, N: 840

**Naturtype:** Kystlynghei D07

**Utforming:**

**Verdi:** Svært viktig A

**Vegetasjon:** Ikke registrert

**Vernestatus:** Ingen vernestatus

**Trusler:** Gjengroing &

**Feltsjekk:** 06.05.2006 (siste)



#### Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 01.04.2007, ut frå eigen tur 06.05.2006, samt Fremstad m.fl. (1991). Omtalen byggjer i fyrste rekkje på sistnemnde kjelde, medan eigen tur avgrensa seg til den vestlegaste tredjedelen av området. Lokaliteten ligg også inne i gamal Naturbase (lok. nr. 124504400 - Kausland).

Lokalisering: Lokaliteten omfattar mykje av lyngheilandskapet mellom sjøen i vest, Goltasundet i sør, busetnad m.v. rundt Kausland i aust og meir tilplanta lynghei mot Telavåg i nord. Ein har her valt å nytta Fremstad m.fl. (1991) sine grenser. Små utvidingar kunne kanskje vore aktuelt i nord (t.d. på nordsida av Grunnevågen), medan mindre innskrenkingar kunne vore aktuelt i søraust.

Naturtypar: Fremstad m.fl. (1991) angir 60% vegetasjonsdekke, med 10% tørrhei, 20% fukthei og 30% myr. Dei angir vidare at purpurlynghei er til dels godt utvikla, samt ulike andre undertypar. I tillegg til lynghei og myr, finst det fleire vatn (truleg for det meste næringsfattige) og små vassdrag (med varierende næringsinnhald) i området. Det er lite skog, men lokalt små lauvkratt. Det er ein god del strandberg, mens det berre er små og dårleg utvikla tangvoller og knapt nokre saltenger.

Påverknad: Tidlegare brukshistorie er ikkje sjekka opp. Området ber no (samt også ved Fremstad m.fl. (1991) sine undersøkingar) preg av å ikkje ha vore skjøtta over ganske lang tid, med gamal lyng, ingen teikn på beite eller brenning av særleg omfang. Fremstad m.fl. (1991) omtalar eit lite område som har vore brent ved Kvernavikvatnet. Det går ein tursti som blir ein del brukt gjennom området.

Adrtsmangfald: Fremstad m.fl. (1991) reknar området som ganske artsrik, med varmekjære innslag som vivendel, svartknoppurt og hassel. Under egne registreringar vart også skjoldblad (NT) funne sparsamt ein plass (i eit fuktsig aust for Slumpavågen). I tillegg må jo purpurlyng (NT) nemnast, samt sparsamt med hinnebregne. Nokre litt kravfulle artar knytt til myr og dels rik skog og skrenter veks her også, som gulstorr, tvibustorr, dvergjamne (alle myrplanter) og junkerbregne og blankburkne (i bergskorter m.v.).

Verdsetting: Fremstad m.fl. (1991) gjev området svært stor verdi på fylkesplan og stor verdi på landsplan. Her får området under litt tvil verdien svært viktig (A). Dette fordi området er ganske stort og artsrikt, og utan større nyare negative inngrep som plantefelt med bartre, nye vegar, hyttetomter m.v. På den andre sida trekkjer manglande hevd over lengre tid verdien heilt klart ned, og om ikkje hevdten vert teken opp att så må nok verdian vurderast på nytt om nokre år og truleg settjast ned.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

For å ta vare på naturverdiane er det heilt naudsynt at tradisjonell drift med beite og lyngsviing vert teken opp att. I tillegg bør innslag av planta bartre fjernast.

Litteraturliste fra Naturtypebasen:

#### Karplanteregistreringer på lokaliteteten (totalt 10 registreringer):

Blankburkne	06.05.2006
Dvergjamne	01.07.1990
Gulstorr	01.07.1990
Junkerbregne	01.07.1990
Purpurlyng	06.05.2006

# Naturtyper i Sund

## Miljøfaglig Utredning AS

### 21 Kausland vest

---

Skjoldblad	06.05.2006	
Svartknoppurt	01.07.1990	
Tvibostorr	01.07.1990	
Vivendel	01.07.1990	
Hinnebregne	01.07.1990	Sårbar (V)

# Naturtyper i Sund

## Miljøfaglig Utredning AS

### 22 Leirvågen på Toftåoya

Sund kommune, 1245

UTM: EUREF89 32VKM, Ø: 811, N: 797

**Naturtype:** Strandeng og strandsump G05

**Utforming:**

**Verdi:** Lokalt viktig C

**Vegetasjon:** Ikke registrert

**Vernestatus:** Ingen vernestatus

**Trusler:** Nedbygging &

**Feltsjekk:** 06.05.2006 (siste)



#### Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 01.04.2007, ut frå Lundberg (1992). Lokaliteten ligg også inne i gamal Naturbase (lok. nr. 124500500 - Leirvågen).

**Lokalisering:** Lokaliteten ligg på vestsida av Toftøya, inne i ei godt skjerma bukt. Den er truleg ganske godt avgrensa mot fastmark på fleire kanter, medan det kan diskuteras kor langt ut i bukta grensa bør trekkjast.

**Naturtypar:** Ut frå Lundberg (1992) si skildring er det snakk om litt forstrand med havbendel og strandkjempe, samt saltenger med rustsivaks og saltsiv, og nokre strandberg.

**Påverknad:** Ikkje nærare sjekka opp. Under feltarbeidet i 2006 vart det ikkje registrert spesielle inngrep her.

**Artdrsmangfald:** Det er ikkje kjent spesielle artar ut over det Lundberg (1992) har nemnt (som også inkluderer eit par vanlege lavartar).

**Verdsetting:** Lundberg (1992) gjev lokaliteten lokal verneinteresse, og det verkar ikkje riktig å setje den høgare her, dvs. lokalt viktig (C). Lokaliteten er liten og uten funn av spesielle artar.

**Forslag til skjøtsel og hensyn:**

Det beste for naturverdiane er å la lokaliteten få liggje mest mogeleg i fred. Ekstensivt beite er truleg positivt.

Litteraturliste fra Naturtypebasen:

#### Karplanteregistreringer på lokaliteteten (totalt 4 registreringer):

Havbendel ssp. angustata	01.07.1990
Rustsivaks	01.07.1990
Saltsiv	01.07.1990
Strandkjempe	01.07.1990

# Naturtyper i Sund

## Miljøfaglig Utredning AS

### 23 Tælavåg nord

Sund kommune, 1245

UTM: EUREF89 32VKM, Ø: 765, N: 885

**Naturtype:** Kystlynghei D07

**Utforming:**

**Verdi:** Viktig B

**Vegetasjon:** Ikke registrert

**Vernestatus:** Ingen vernestatus

**Trusler:**

**Feltsjekk:** 01.01.1990 (siste)

#### Naturtypebeskrivelse:



Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 01.04.2007, ut frå Fremstad m.fl. (1991). Lokaliteten ligg også inne i gamal Naturbase (lok. nr. 124500700 - Telavåg).

**Lokalisering:** Lokaliteten omfattar eit litt større lyngheiområde nordvest for Telavåg. Fremstad m.fl. (1991) har også stipla inn eit parti sørvest for Telavåg, som ein her har valt å ta ut (det er fysisk adskilt frå den nordvestre delen).

**Naturtypar:** Fremstad m.fl. (1991) angir 50-60% med lynghei, og at både fuktige og tørre heityper er godt representerte. Dei angir vidare at purpurlynghei lokalt er særskilt godt utvikla.

**Påverknad:** Fremstad m.fl. (1991) skriv at det ligg eit relativt nytt plantefelt ved Midtveit, og at det står eit sjøhus i Søvika. Dei såg ikkje teikn på aktiv drift i området, men skriv at det har vore noe beite av sau.

**Adrtsmangfald:** Fremstad m.fl. (1991) framhev spesielt at området har innslag av einskilde fjellplantar som manglar lenger sør, som museøyre, rypebær og fjelljamne. Vidare finst m.a. uvanlege artar som hinnebregne og sylarve, samt som tidlegare nevnt purpurlyng (NT).

**Verdsetting:** Fremstad m.fl. (1991) gjev området stor verdi på fylkesplan og middels verdi på landsplan. Her får området under litt tvil verdien viktig (B). Dette fordi området er middels stort og inneheld m.a. ein del godt utvikla purpulynghei. På den andre sida trekkjer manglande/dårleg hevd verdien heilt klart ned, og om ikkje hevdten vert teken opp att så må nok verdian vurderast på nytt om nokre år og truleg settjast ned.

**Forslag til skjøtsel og hensyn:**

For å ta vare på naturverdiane er det heilt naudsynt at tradisjonell drift med beite og lyngsviing vert teken opp att. I tillegg bør innslag av planta bartre fjernast. Fremstad m.fl. (1991) skriv at beitepresset må aukast, og at den gamle lyngheia må brennast for å få opp att ny og frisk lyng.

Litteraturliste fra Naturtypebasen:

#### Karplanteregistreringer på lokaliteteten (totalt 6 registreringer):

Fjelljamne	01.07.1990
Museøyre	01.07.1990
Purpurlyng	01.07.1990
Rypebær	01.07.1990
Sylarve	01.07.1990
Hinnebregne	01.07.1990

Sårbar (V)

# Naturtyper i Sund

## Miljøfaglig Utredning AS

### 24 Tyssøyna

Sund kommune, 1245

UTM: EUREF89 32VKM, Ø: 879, N: 908

**Naturtype:** Rik edellauvskog F01  
**Utforming:** Alm-lindskog F0105  
**Verdi:** Viktig B  
**Vegetasjon:** Ikke registrert  
**Vernestatus:** Ingen vernestatus  
**Trusler:** Gjengroing & Nedbygging  
**Feltsjekk:** 19.06.2006 (siste)



#### Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av HFj den 19.04.2007, med grunnlag i eige feltarbeid 19.06.2006:

Lokalisering: Lokaliteten ligg like vest for den store P-plassen på Tyssøyna og omfatter ein kolle med edellauvskog i vest og ein mosaikk med attveksande beite/hagemark. Lokaliteten er diffust avgrensa mot eng og yngre skog i vest og mot åker og veg i aust.

Naturtypar: Opprinneleg har nok området vore ganske ope med eng og beite (hagemark) samt lommar med edellauvskog. Det er no vakse att og edellauvslogen breiar seg utover. Det er lite truleg at stoda endrar seg og vi finn det riktig å kalle naturtypen rik edellauvskog.

Påverknad: Området er påverka av noko hogst av ved, samt tidlegare beite og truleg slått. Hagemarka og engene veks att med oppslag av hassel, ask og osp. Det er lite daudt trevirke.

Artsmangfald: Karplantefloraen er rik med artar som ramslauk, myske, liljekonvall, hengeving, vendelrot og brunrot. Hagemarka har artar som jordnøtt, kusymre, kratthumleblom, enghumleblom og gjerdevikke. Ask dominerar og oppslaget av ask er stort. I nord er det innslag av eik og lind. På noko fattigare grunn i vest veks og eit mindre ospeholt med osp opptil 20cm dbh. Det ble registrert kystnever og putevortelav på ask.

Verdsetting: Lokaliteten får verdien viktig (B) da det er få område med rik edellauvskog i dei ytre delane av regionen.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det beste for naturverdiane er å la lokaliteten få liggje mest mogeleg i fred. Ekstensivt beite er truleg positivt.

#### Karplanterregistreringer på lokaliteteten (totalt 12 registreringer):

Ask	19.06.2006
Brunrot	19.06.2006
Hassel	19.06.2006
Hengeving	19.06.2006
Jordnøtt	19.06.2006
Kratthumleblom	19.06.2006
Kusymre	19.06.2006
Liljekonvall	19.06.2006
Lind	19.06.2006
Myske	19.06.2006
Ramsløk	19.06.2006
Sommereik	19.06.2006

#### Registreringer av andre artar på lokaliteteten (totalt 3 registreringer):

<i>Lobaria virens</i>	Kystnever	Busk- og bladlav
<i>Pertusaria pertusa</i>		Skorpelav
<i>Oxyporus populinus</i>	Lønnekjuke	Sopp

# Naturtyper i Sund

## Miljøfaglig Utredning AS

### 25 Skrubbisvattnet

Sund kommune, 1245

UTM: EUREF89 32VKM, Ø: 873, N: 772

**Naturtype:** Rik kulturlandskapssjø E08  
**Utforming:** Næringsrik utforming E0801  
**Verdi:** Viktig B  
**Vegetasjon:** Ikke registrert  
**Vernestatus:** Ingen vernestatus  
**Trusler:** Drenering/gjenfylling &  
**Feltsjekk:** 19.06.2006 (siste)



#### Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av HFj den 19.04.2007, med grunnlag i eige feltarbeid 19.06.2006:

Lokalisering: Vatnet ligg om lag 500m vest for Tælavågen på sørsida av vegen. Det grensar til kulturmark i nord og lynghei i sør.

Naturtypar: Den rike kulturlandskapssjøen er omgjeve av beltar med takrøyr. Det veks og langskuddsplantar i vatnet, noko som legg dette vatnet til den næringsrike utforminga.

Påverknad: Vatnet har ikkje vore utsett for utfylling og det er ikkje teikn til nyare inngrep attmed vatnet.

Artsmangfald: Takrøyr dominerar kantvegetasjonen til vatnet og artsmangfaldet er ikke spesielt høgt i dette beltet, men artar som gulldusk, bekkeblom, stor myrmaure, myrhatt, tepperot veks saman med takrøyr. Ute i vatet veks det vanleg tjønnaks, gul nøkkerose, botnegras og gytjeblererot.

Verdsetting: Lokaliteten verdsettast til Viktig (B) da intakte vatn utan utfyllingar i kulturlandskapet er mindre vanleg.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det beste for naturverdiane er å la lokaliteten få liggje mest mogeleg i fred. Tidlegare har det nok vore beita ned til vatnet og beite med storfe kunne på sikt auke artsinventaret i kantsona til vatnet.

#### Karplanteregistreringer på lokaliteteten (totalt 12 registreringer):

Bekkeblom	19.06.2006
Botnegras	19.06.2006
Gul nøkkerose	19.06.2006
Gulldusk	19.06.2006
Gytjeblererot	19.06.2006
Hesterumpe	19.06.2006
Myrhatt	19.06.2006
Sløke	19.06.2006
Stor myrmaure	19.06.2006
Takrør	19.06.2006
Tepperot	19.06.2006
Tjønnaks	19.06.2006



# Naturtyper i Sund

## Miljøfaglig Utredning AS

### 26 Midttveitvatnet

Sund kommune, 1245

UTM: EUREF89 32VKM, Ø: 872, N: 777

**Naturtype:** Rik kulturlandskapssjø E08  
**Utforming:** Næringsrik utforming E0801  
**Verdi:** Viktig B  
**Vegetasjon:** Ikke registrert  
**Vernestatus:** Ingen vernestatus  
**Trusler:** Drenering/gjenfylling & Nedbygging  
**Feltsjekk:** 19.06.2006 (siste)



#### Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av HFj den 19.04.2007, med grunnlag i eige feltarbeid 19.06.2006:

**Lokalisering:** Lokaliteten ligg omlag 300m nord for Telavågen mellom to ryggar i terrenget der det i sør ligg eit bustadsområde, og der det i nord ligg ein skule. Våtmarka kring vatnet strekker seg nordvestover mot Kaldavatnet.

**Naturtypar:** Naturtypen er ein rik kulturlandskapssjø med takrøyrbelte og langskotsplantar. Vatnet er i svak attgroing.

**Påverknad:** Vatnet er truga av utfylling i aust der det er bygd ei fylling ut i vatnet. I nordvest er det kasta mykje hageavfall i takrøyrbeltet kring vatnet. I nord går det ei gangbru som knytter bustadsfeltet til skulen.

**Artsmangfald:** Forutan takrøyr er det mjødurt og stornesle i kantane i sør, noko som truleg kjem av avrenning frå landbruksareal. Ellers veks det myrhatt, flaskestorr, vendelrot, bukkeblad, grøftesoleie og gulldusk. I vatnet veks gul nøkkerose og tjønnaks.

**Verdsetting:** Lokaliteten får verdien viktig (B) sjølv om den er noko påverka av utfylling i sør.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det beste for naturverdiane er å la lokaliteten få liggje mest mogeleg i fred. Det er viktig å setje i verk tiltak mot tømning av hageavfall i lokaliteten.

#### Registreringer av viltarter på lokaliteteten (totalt 1 registreringer):

Sivsanger	19.06.2006	Hekke- /yngleområde	1
-----------	------------	---------------------	---

#### Karplanteregistreringer på lokaliteteten (totalt 9 registreringer):

Bukkeblad	19.06.2006
Flaskestarr	19.06.2006
Gul nøkkerose	19.06.2006
Gulldusk	19.06.2006
Mjødurt	19.06.2006
Myrhatt	19.06.2006
Takrør	19.06.2006
Tjønnaks	19.06.2006
Vendelrot	19.06.2006

# Naturtyper i Sund

## Miljøfaglig Utredning AS

### 27 Førdespollen aust

Sund kommune, 1245

UTM: EUREF89 32VKM, Ø: 867, N: 814

**Naturtype:** Hagemark D05  
**Utforming:** Askehage D0506  
**Verdi:** Svært viktig A  
**Vegetasjon:** Ikke registrert  
**Vernestatus:** Ingen vernestatus  
**Trusler:** Gjengroing &  
**Feltsjekk:** 20.06.2006 (siste)



#### Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av HFj den 20.04.2007, med grunnlag i eige feltarbeid 20.06.2006:

**Lokalisering:** Lokaliteten ligg på austsida av Førdespollen omlag 1 km vest for Klokkarvik. Den strekker seg frå fjorden og opp gjennom den vestvendte fjordlia. Avgrensinga er skarp i vest, men meir diffus i aust. I sør er grensa satt der det gradvis blir meir fattig.

**Naturtypar:** Hagemark er brukt som hovudnaturtype, men området er meir ein mosaikk av ulike typar. Eik og ask står spreidd gjennom heile området. I nord er det ei attgroande beitemark, mens det sentralt i lokaliteten er ei attgroande eng. I randsonar og særleg i sør veks det edellauvskog med mellom anna lind.

**Påverknad:** Lokaliteten har tidlegare truleg vore bruka til beit, slått og vedhogst, men det er idag begrensa bruk og beitet har truleg opphøyrd. Attgroinga har kome kort og framleis er området ein del av eit heilskapeleg kulturlandskap kring Førdespollen. Det er lite daut tre i skogen.

**Artsmangfald:** I den gamle beitemarka i nord veks det store mengder vårmarihand og ramslauk. Her kjem det opp ein god del yngre ask. Særleg dei nordre delane av lokaliteten er opne med enkeltstående eik- og asketre samt tettere tregrupper. Enga sentralt er dominert av hanekam. Edellauvskogen er særleg velutvikla i sør, og her kjem det inn grove lindetre, hassel, ask og eik. Feltsjiktet er sparsamt utvikla. Lungeneversamfunnet er velutvikla med artar som raudlistearten kystprikklav på berg, samt lungenever og kystnever. Dei to siste både på stein og tre.

**Verdsetting:** Lokaliteten verdsettas til svært viktig (A) da det førekjem kystprikklav som er sterkt truga. I tillegg er det kvalitetar knytta til gammel beitemark og gamle trær. Det er potensial for marklevande og vedbuande sopp.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det beste for naturverdiane er å fremje ekstensivt beite i nordre delar av området, mens det i sør bør få liggje mest mogleg i fred.

#### Karplanteregistreringer på lokaliteten (totalt 16 registreringer):

Ask	20.06.2006
Hanekam	20.06.2006
Hassel	20.06.2006
Jordnøtt	20.06.2006
Kusymre	20.06.2006
Lind	20.06.2006
Osp	20.06.2006
Ramsløk	20.06.2006
Skogsalat	20.06.2006
Sommereik	20.06.2006
Storfrytle	20.06.2006
Svartburkne	20.06.2006
Tveskjeggveronika	20.06.2006
Vendelrot	20.06.2006

# Naturtyper i Sund

## Miljøfaglig Utredning AS

### 27 Førdespollen aust

---

Vivendel	20.06.2006
Vårmarihand	20.06.2006

#### Registreringer av andre arter på lokaliteteten (totalt 3 registreringer):

<i>Lobaria pulmonaria</i>	Lungenever	Busk- og bladlav	
<i>Lobaria virens</i>	Kystnever	Busk- og bladlav	
<i>Pseudocyphellaria norvegica</i>	Kystprikklav	Busk- og bladlav	Sterkt truet (EN)

# Naturtyper i Sund

## Miljøfaglig Utredning AS

### 28 Førdespollen NA

Sund kommune, 1245

UTM: EUREF89 32VKM, Ø: 866, N: 816

**Naturtype:** Gammel fattig edellauvskog F02

**Utforming:** Forekomst av lind F0205

**Verdi:** Viktig B

**Vegetasjon:** Ikke registrert

**Vernestatus:** Ingen vernestatus

**Trusler:** Skogbruksdrift &

**Feltsjekk:** 20.06.2006 (siste)



#### Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av HFj den 20.04.2007, med grunnlag i eige feltarbeid 20.06.2006:

**Lokalisering:** Lokaliteten ligg på austsida av vegen ved Førdespollen omlag 1 km vest for Klokkarvik. Den omfattar eit langstrakt areal i den bratte lisida som ligg inneklemt mellom landbruksareal over og under lokaliteten. Avgrensinga er god på alle kantar.

**Naturtypar:** Naturtypen er satt til gammel edellauvskog, sjølv om området truleg har vore nytte til beite tidlegare og kunne da ha vore ført til hagemark.

**Påverknad:** Området har truleg vore nytta som beite, og vedskog. I dag er det lite teikn til bruk og området gror att. Det er lite daudt tre i området.

**Artsmangfald:** Området er ikkje spesielt rikt. Forutan lind og hassel finst jordnøtt, raud jonsokblom, hundegras, kusymre, og gullris i feltsjiktet i nedre delar der beitepåverkinga har vore størst. På fuktigare stader veks vendelrot, engsnelle og storfrytle. Lengre opp finst einer, smyle og kvitveis.

**Verdsetting:** Området får under litt tvil verdien viktig (B), men grensar til lokalt viktig. Grov lind i lokaliteten, samt hassel og potensiale for raudlista markbuande soppar trekker verdien opp.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det beste for naturverdiane er å la lokaliteten få liggje mest mogeleg i fred.

#### Karplanteregistreringer på lokaliteten (totalt 14 registreringer):

Einer	20.06.2006
Engsnelle	20.06.2006
Gullris	20.06.2006
Hassel	20.06.2006
Hundegras	20.06.2006
Hvitveis	20.06.2006
Jordnøtt	20.06.2006
Kratthumleblom	20.06.2006
Kusymre	20.06.2006
Lind	20.06.2006
Rød jonsokblom	20.06.2006
Smyle	20.06.2006
Storfrytle	20.06.2006
Vandelrot	20.06.2006



